

INNHALD

NORSK NAMNELAG

- G. Akselberg: Vert stadnamnlova betre? 3
Styremøte i Norsk namnelag 4

NAMNEKONSULENTTENESTA

- T. Larsen: Klagenemnda for stadnamnsaker 4
T. Larsen: Namnekonsulentane og Kartverket til sjøs 8

NORMERING OG BRUK AV NAMN

- G. Alhaug: Framlegg til ny personnamnlov 8
B. Helleland: Evaluering av stadnamnlova 12
B. Helleland: *Randa* som førenamn 12

KARTVERKET

- K. Lien: Ny forvaltningsansvarlig for stedsnavn 14
A. Bakken: De navneansvarlige i Statens kartverk 14

NORNA

- Komande NORNA-symposium 22
Ritva-Liisa Pitkänen: Namnsymposier i Finland 23

ICOS

- Styremøte i ICOS, Uppsala, 11.–13.05.2001 24
Den 21. ICOS-kongressen i Uppsala 19.–24. august 2002 25

DOKTORDISPUTAS

- Doktordisputas i namnegransking i Oslo 25

ANNA MELDINGSSTOFF

- Seminar for ein åttiåring – Norsk stadnamnarkiv 1921–2001 25
Namnegranskar med stipend frå NNF 27
Stipendiat i namnegransking i Oslo 28
G. Alhaug: Automatisk namneattkjennar 28
E. Ellingsve: Nettkurs i navnegransking 29
Stephen Walton: Det arabiske i det nynorske – også om namn 30
Nils Steinar Våge: Særemne om namn i vidaregåande skule 30
M. Aljoksjina: Nordiske personnavn i eldre og nyere tid 32

ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

- P. Hallaråker: Stadnamnarkivet for Møre og Romsdal 32
A. Espelund: Jernvinna, terminologi og stadnamn 35
F. Korslund: Øynavnet *Åven* i Råde 38
G. Harildstad: Garborg og Labråten – mål og namn 40
G. Harildstad: *Hurperud* og *Curland* 42

BOKOMTALAR

L. Vikør: Norske gårdsnavn på <i>-by</i> og <i>-bø</i> med personnavnforledd.....	42
O. Veka: Danske føre- og etternamn.....	43
B. Helleland: Svenske namnedagar.....	46
G. Alhaug: Tyskarar og fornamna deira	47
V. Haslum: Agders historie.....	50
T. Schmidt: Bidrag til norsk almenningsrett.....	51
B. Helleland: Helsingfors gatunamn	51
B. Helleland: Den store Navnebog	52
OMTALE AV HOVUDOPPGÅVER	
V. Haslum: Stedsnavnene i Jondalen – 50 år etter.....	53
G. Alhaug: Personnamnendringar i Ofoten.....	54

NORSK NAMNELAG

VERT STADNAMNLOVA BETRE?

Lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn vart sett i verk 1. juli 1991, og no ti år etter har ei intern arbeidsgruppe (Halldis Sandsdalen, Terje Larsen og Anne Svanevik) lagt fram rapporten *Evaluering av stadnamnlova* for Kulturdepartementet. Denne rapporten er for tida ute til høyring hjå aktuelle instansar. Høyringsfristen er sett til 1. september i år.

Dei viktigaste endringsframlegga har som mål å forenkla saksgangen, fjerna eller mjuka opp vedtak som har vist seg å føra til svært mykje arbeid, lokal strid og klagesaker, og dessutan å koma med klarare definisjonar. Alle endringsframlegga vil ikkje tena norsk namnekultur, og eg skal trekkja fram tre slike endringsframlegg. Det eine gjeld korleis ein skal forstå omgrepet stadnamn. Gruppa foreslår at namn som er sette saman med forklarande tillegg, som t.d. namn på landingsplassar som *Tromsø lufthavn* og bruksnamn med "laust" tilknytte tillegg for retning og storleik som *Bø søre*, ikkje er stadnamn. I desse namnekomposisjonane er det berre *Tromsø* og *Bø* som er stadnamn, og som såleis fell inn under stadnamnlova. Den fulle nemninga *Tromsø lufthamn* er ikkje eit stadnamn, men namn på ei verksemd eller eit anlegg, og "det laust knytte tillegget" skal fylgja dei normeringsreglane elles gjeld, t.d. om målbruk i offentleg teneste. Dette er i beste fall ei merkeleg forståing av kva eit stadnamn er, både i namnekulturell og namneteoretisk samanheng. Det er jo vanleg at stadnamn kan vera sette saman av fleire åtskilte namnelekkar, og slike lekkar er ein del av namneheilskapen.

Eit anna endringsframlegg, som skal sikra raskare saksgang i hand-saminga av fastsetting av skrivemåten, er at dersom eit namn vert nytta i fleire funksjonar (t.d. som naturnamn, bruksnamn, tettstadnamn, sokne-namn, namn på postkontor og namn på haldeplass), er hovudregelen at namnet skal ha éin og same skrivemåten i alle funksjonane, og at det er primærfunksjonen som skal vera bestemmande. Å avgjera kva som er primærfunksjonen vil for svært mange namn vera problematisk, og vil kunna føre til mykje namnearkeologi og onomastisk detektivarbeid. Saksgangen kan heller verta lengre enn stuttare.

For å forenkla prosedyren og for å minska ressursbruken foreslår gruppa at dei gjeldande reglane om bunden og ubunden form skal mjukast opp. Grunnen er at det er stor misnøye med at det offentlege skal avgjera bruken

av bunden/ubunden form av namn på privat eigedom (bruksnamn). Om lag 25 % av klagesakene gjeld slike spørsmål. Framlegget opnar no for at bruk av ubunden form vil få mykje større plass enn tidlegare, og særleg presiseringa i forskrifta om at ”[d]ersom det er stor vakling i bruken og lokal usemje om han [bruken av bunden eller ubunden form], bør fråsegna frå eigar/festar, kommune og andre med uttalerett, tilleggjast avgjerande vekt”, vil koma til å undergrava norsk namnetradisjon og namnekultur på dette punktet. Det er difor sterkt å vona at høyringsinstansane og vedtaksorgana viser klokskap når dei vurderer dette punktet.

Fleire av evalueringsgruppa sine endringsframlegg vil føra til at marknadstenkinga (økonomisk, mentalt og kulturelt) også trengjer inn i name-lova. Der er vi ikkje tente med.

Gunnstein Akselberg
leiar i Norsk namnelag
gunnstein.akselberg@hf.uib.no

STYREMØTE I NORSK NAMNELAG

Norsk namnelag hadde styremøte 21. juni 2001 på Seksjon for namnegransking, Universitetet i Oslo. Vanlege saker vart handsama, som utgjevinga av *Namn og Nemne* og *Nytt om namn*, økonomi og lagsdrifta allment. Årgang 18 av *Namn og Nemne* kjem til hausten. Økonomien i laget er stabil, likeins medlemstalet, som held seg like under 400. Men det trengst òg nye medlemmer for å halda oppe verksemda. Førebels er styret innstilt på å halda same relativt låge kontingent som no på 150 kroner. Eitt av dei punkta som vart drøfte, er ei eiga internettside for Norsk namnelag med linkar til namnefaglege institusjonar og samlingar. Elles vart ulike namnefaglege arrangement diskuterte, m.a. symposium og utgjevingar i regi av NORNA.

BH

NAMNEKONSULENTTENESTA

KLAGENEMNDA FOR STADNAMNSAKER

Sidan 1993 har sekretæren for klagenemnda for stadnamn publisert vedtaka i *Nytt om namn*, fyrste gongen i nr. 19 (1994) og seinare i annakvart nummer av bladet (nummer med oddetal). Nedanfor følgjer oversyn over

dei sakene som Klagenemnda for stadnamnsaker har behandla ferdig i perioden juni 2000 til mai 2001.

	Namn, kommune, fylke	Klagars ønske	Vedtak i klagenemnda
1	Helbostad, Stranda, MØRo.	Hellebostad	Hellebostad
2	Skjånes, Rana, No.	Sjånes	Skjånes
3	Hunstokk, Sandefjord, Vf.	Hunstok	Hundstokk
4	Stjern (grendenamn), Åfjord, STr.	Skjern	Skjern
5	Landaukan, Åfjord, STr.	Landhaugan	Landaukan
6	Skotlandsveg, Skien, Tel.	Skottlandsveg	Skotlandsveg
7	Bekkevoll, Hamar, Hdm.	Bekkevold	Bekkevoll
8	Engom, Hamar, Hdm.	Engum	Engom
9	Dystvoll, Hamar, Hdm.	Dystvold	Dystvoll
10	Oppsal, Hamar, Hdm.	Opsal eller Opsahl	Oppsal
11	Sæli, Hamar, Hdm.	Sælid	Sæli
12	Tønset, Hamar, Hdm.	Tønseth	Tønset
13	Vestgard, Hamar, Hdm.	Vestgård	Vestgard
14	Voll, Hamar, Hdm.	Vold	Voll
15	Spælalia, Rissa, STr.	Spelalia	Spælalia
16	Bærheia, Rissa, STr.	Berheia	Bærheia
17	Stikkelsteinan, Rissa, STr.	Stekkelsteinan	Stikkelsteinan
18	Baksteinen, Rissa, STr.	Bakstein	Baksteinen
19	Langsanden, Rissa, STr.	Langsand	Langsanden
20	Nedre Tennel, Agdenes, STr.	Nedre Tøndel	Nedre Tennel
21	Forollhogna, Os, Hdm. og Midtre Gauldal, STr.	Forelhogna	Forollhogna
22	Bliksåsen, Rissa, STr.	Bliksås	Bliksåsen
23	Nordre Myr, Rissa, STr.	Myhr Nordre	Nordre Myr
24	Rødsjøen, Rissa, STr.	Rødsjø	Rødsjøen
25	Dørndalen, Rissa, STr.	Dyrendahl	Dørndal
26	Bjørneråsen, Rissa, STr.	Bjørnerås	Bjørneråsen
27	Kvislan, Rissa, STr.	Kvitland	Kvislan
28	Fjellsætra og Fjellsætermyrn, Trondheim, STr.	Fjellseter og Fjellsetermyrn	Fjellsætra og Fjellsætermyrn
29	Lengsbukta, Trondheim, STr.	Leangenbukta	Leangbukta
30	Grunnes, Målselv, Trs.	Grundnes	Grunnes
31	Ovrå, Stranda, MØRo.	Overå	Ovrå
32	Haraland, Gjesdal, Rog.	Hareland	Haraland
33	Hunddalen, Narvik, No.	Hundalen	Hunddalen
34	Havrå, Osterøy, Hl.	Havre	Havrå
35	-vannan i seks naturnamn, Alta, Fm.	-vannene	-vannene
36	-tjønnan i eitt naturnamn, Alta, Fm.	-tjønnene	-tjørnene
37	Rassveita, Klæbu, STr.	Rasveita	Rassveita

38	Høgklumpen, Inderøy, STr.	Høgklumpen	Høgklumpen
39	Grillstad, Trondheim, STr.	Grillstad	Grillstad
40	Kjødspollen, Selje, SoFj.	Kjødepollen	Kjødspollen
41	Nørdrebogen, Selje, SoFj.	Nørebogen	Nørdrebogen
42	Nørdrebrua, Selje, SoFj.	Nørebruna	Nørdrebruna
43	Rambjørga, Selje, SoFj.	Rambjøra	Rambjørga
44	Kvisløyra, Grong, NTr.	Kvitløyra	Kvisløyra
45	Emhjella, Gloppen, SoFj.	Eimhjellen	Eimhjellen
46	Kappestad, Gloppen, SoFj.	Kobberstad	Kappestad
47	Fella, Gloppen, SoFj.	Felle eller Felde, ev. Felja	Fella
48	Sanddalen, Gloppen, SoFj.	Sandal	Sanddalen
49	Joranger, Gloppen, SoFj.	Jordanger	Joranger
50	Fagerlægda, Selbu, STr.	Fagerlegda	Fagerlægda
51	Vordvollen, Selbu, STr.	Vorvollen	Vordvollen
52	Buvorda, Selbu, STr.	Buvora	Buvorda
53	Gardåa, Selbu, STr.	Garåa	Gardåa
54	Garddalen, Selbu, STr.	Gardalen	Garddalen
55	Kvernhusdalen, Selbu, STr.	Kvennhusdalen	Kvernhusdalen
56	Kvernbekken, Selbu, STr.	Kvennbekken	Kvernbekken
57	Kverntjenna, Selbu, STr.	Kvenntjenna	Kverntjenna
58	Kvernfellstoggo, Selbu, STr.	Kvennfjellstoggo	Kvernfellstoggo
59	Rotldalen, Selbu, STr.	Roltdalen	Rotldalen
60	Rotlvollen, Selbu, STr.	Roltvollen	Rotlvollen
61	Rotlbjørga, Selbu, STr.	Roltbjørga	Rotlbjørga
62	Brotta, Selbu, STr.	Bretta	Brotta
63	Seterbrennan, Selbu, STr.	Seterbrennin(n)	Seterbrennene
64	Nekkåa, Selbu, STr.	Nekkåa	Nekkåa
65	Bælingfjella, Selbu, STr.	Bellingfjella	Bælingfjella
66	Evjgjørdet, Selbu, STr.	Evjgjørdet eller Evjare	Evjgjørdet
67	Myra, Førde, SoFj.	Myren	Myra
68	Grøning, Førde, SoFj.	Grøneng	Grøning
69	Rørvika, Førde, SoFj.	Rørvik	Rørvika
70	Kloppestad, Førde, SoFj.	Klopstad	Kloppestad
71	Unjem, Rauma, MØRo.	Unhjem	Unjem
72	Roknem, Rauma, MØRo.	Raknem	Roknem

Nokre opplysningar til oversynet

Namnetypar

I perioden har nemnda behandla 35 *bruksnamn*, 1 *grendenamn*, 1 *adresse-*
namn, 1 *seternamn* og 34 *naturnamn*.

Vedtaksorgan

I 2 av sakene (i oversynet nr. 4 og 6) har ein kommune vore vedtaksorgan. Elles har Statens kartverk vore vedtaksorgan.

Klagar

I om lag halvparten av sakene er det ein kommune som har klaga, medan grunneigarar står som klagar i 25 saker. I 8 saker har både ein kommune og eigarar klaga. Lokale organisasjonar er klagar i 2 saker, medan eit fylkeskartkontor står som klagar i 1 sak.

Medhald/ikkje medhald

Klagar har fått medhald i 7 saker (sak nr. 35 i oversynet er rekna som ei sak). I 7 saker gjorde nemnda nytt vedtak, medan det opphavlege vedtaket vart stadfest i dei resterande sakene.

Dissensar i nemnda

Alle vedtaka i perioden har vore samrøystes.

Nemnda sine grunningjevingar

Nemnda har for første gong behandla ei sak frå eit tospråkleg område, og eg skal til slutt ta med eit utdrag frå vedtaket i denne saka.

I sak nr. 33 ønskte Narvik og omegn jeger- og fiskerforening skrivemåten *Hundalen* i staden for *Hunddalen* som Statens kartverk hadde vedteke. Narvik kommune hadde ikkje klaga, men hadde i høyringsrunden gått inn for skrivemåten *Hunndalen*. Lokaliteten har også samisk namn, men klagen gjaldt berre det norske namnet. I vedtaket sitt seier nemnda:

I denne saken finner nemnda det dokumentert at den nedarvete lokale uttalen er med *kort u* og enten j-holdig (palatal) *n* eller såkalt “tjukk” *n* i førsteleddet. Et hovedprinsipp i norsk rettskrivning er at *kort vokal* blir markert med to etterfølgende konsonanter. I dette tilfellet vil det si *nn* eller *nd*, fordi j-holdig *n* er utviklet fra opprinnelig *nn* eller *nd*. På grunnlag av uttalen kan en derfor ikke avgjøre om skrivemåten bør være *Hunndalen* eller *Hunddalen*. Lokaliteten ligger imidlertid i et tospråklig område og har også samisk navn. Den nedre delen heter på samisk *Beatnatvuopmi*, der *Beatnat-* er genitiv av *beana* som betyr ‘hund’, og *vuopmi* betyr ‘skogdal’. Den øvre delen heter *Beatnatvággi*. Sisteleddet betyr ‘den delen av dalen der det ikke finnes skog’, og står således i motsetning til leddet *vuopmi*. Dette viser etter nemndas mening at det er overveiende sannsynlig at førsteleddet i det norske navnet må være dyrenavnet *hund*.

Skrivemåten *Hundalen* som Narvik og omegn jeger- og fiskerforening ønsker, er ikke i samsvar med hovedregelen om å ta utgangspunkt i den

nedarvete lokale uttalen og følge gjeldende rettskrivningsprinsipper. Skrivemåten er også misvisende når det gjelder den sannsynlige betydningen av navnet. Nemnda vil i denne sammenheng vise til Ot.prp. nr. 66 (1988–99) s. 9 der det heter at stedsnavna må få en skriftform “som ikkje skygger for meiningsinnhaldet, men som snarare gjer bodskapen tydeleg”. På dette grunnlag fastsetter nemnda skrivemåten til *Hunddalen*.

Terje Larsen
terje@sprakrad.no

NAMNEKONSULENTANE OG KARTVERKET TIL SJØS

Det årlege samrådsmøtet for namnekonsulentane blir i år halde på Kielferja 19.–21. september. Som dei siste åra blir delar av møtet felles med dei namneansvarlege i Kartverket. Desse møta har utvikla seg til å bli både hyggelege og konstruktive, og dersom ikkje hauststormane har sett inn, vil sikkert også møtet i år bli ei positiv oppleving for deltakarane, med dei verknadene det måtte ha for det vidare arbeidet.

Terje Larsen

Retting til *Nytt om namn* nr. 32:

I referatet frå møtet i Samarbeidsnemnda 25.10.2000 i Molde (s. 7) står det at kopi av brevet til Kulturdepartementet med kommentarar til den nye matrikkelen som Statens kartverk er i ferd med å oppretta, skal sendast til *Samferdselsdepartementet*. Rette adressaten for kopien var *Miljøverndepartementet*.

NORMERING OG BRUK AV NAMN

FRAMLEGG TIL NY PERSONNAMNLOV Høringsfråsegn frå Samarbeidsnemnda for namnegransking

Justisdepartementet oppnemnte 22.4.99 ei arbeidsgruppe som fekk som mandat å foreslå ”en vesentlig liberalisering av navneloven”. Framlegget frå arbeidsgruppa ligg føre i NOU 2001:1. Det viktigaste i høringsfråsegna frå Samarbeidsnemnda for namnegransking kjem nedafør i forkorta form.

Verna etternamn

Samarbeidsnemnda deler synspunktet til arbeidsgruppa om at termen *slektsnavn* bør erstattas av *etternamn*. Vidare meiner vi at ordninga med

verna etternamn bør oppretthaldas, men går inn for at grensa for verna etternamn blir som før, dvs. 500 namneberarar – ikkje 200, som arbeidsgruppa foreslår. Når ein fyrst held fast på prinsippet om verna etternamn, meiner vi at dette også bør gjelde nylaga etternamn (som arbeidsgruppa ikkje foreslår verna). I slike tilfelle kan det – som ved ”eldre” verna namn – vera tale om slektsidentitet og røter, t.d. om ein tek etternamn etter namnet på ein lokalitet som slekta har hatt særlig tilknytning til. Det fins nemlig mange ”ledige” etternamn i Noreg – jf. dei mange bustadnamna som ikkje er brukte som etternamn. I denne samanhengen vil vi også nemne at ”nye” etternamn av gardsnamntypen må følgje gjeldande rettskrivingsreglar for norsk. Det skal altså ikkje vera mulig å få godkjent t.d. *Qualheim* og *Rekdahl* som verna namn – som alternativ til dei ”uverna” *Kvalheim* og *Rekdal*. Ein kan med andre ord ikkje bruke ”ortografisk pryd” som middel til at eit namn av denne typen skal få status som verna namn.

Skal *Strandman* få kalle seg *Beachman*?

Vi støttar arbeidsgruppa i at ein bør vera liberal overfor utlendingar som ønsker å endre etternamnet sitt. Men vi vil rå til at ein ikkje legg seg på ein for liberal praksis overfor norske statsborgarar (utan utanlandsk slektstilknytning) som ønsker endring til eit etternamn med utanlandsk preg. Eit døme på ein slik liberal praksis er det nylaga slektsnamnet *Whitebear* (s. 26) som Justisdepartementet har godtatt som namneendring. Og frå Sverige kan vi nemne at ein som heitte *Strandman*, fekk godtatt endring til *Beachman*. Norsk språkråd la i februar fram dokumentet ”Styrking av norsk språk”, som særlig rettar seg mot anglifisering av norsk. I tråd med dette vil vi gå inn for at endring til namn av typen *Whitebear* og *Beachman* ikkje blir godkjent.

Etternamn av patronym- og metronymtypen

Arbeidsgruppa foreslår at patronym (t.d. *Arildsønn/son* og *Arildsdatter/dotter*) og metronym (*Ingridsønn/son* og *Ingridsdatter/dotter*) kan brukas som etternamn. (Foreldra heiter altså *Arild* og *Ingrid*). Ifølgje framlegget kan etternamn av denne typen – i motsetning til andre etternamn – ikkje overførast til neste generasjon. Vi har ikkje innvendingar mot at arbeidsgruppa opnar for denne etternamnstypen (patronymtypen var elles vanlig på 1800-talet og litt ut på 1900-talet), men med tanke på praktisering av lova vil vi rå til at patronyma berre kan ha etterledda *-son* og *-sønn* (ikkje *-sen*). Grunnen til dette er at namna på *-sen* elles ville vera tvitydige:

1. ”Ekte” patronym, t.d. *Amundsen* (faren heiter *Amund*)
2. ”Faste” etternamn på *-sen*, t.d. *Amundsen*

Det er altså berre type 2 som kan overførast til neste generasjon. Om ein hadde tillati patronym på *-sen* (type 1), ville nok ”kontrollapparatet” i ein del tilfelle oversett at *-sen*-namnet var gitt som patronym. Namnet kunne altså ved ein feil bli overført til neste generasjon.

Foss-Larsen* som etternamn, men ikkje *Foss Larsen

Den gjeldande namnelova har i utgangspunktet forbod mot såkalla doble etternamn – både dei med og utan bindestrek (typen *Foss-Larsen* og *Foss Larsen*). Både med tanke på likestilling mellom kjønna og namnefelleskap i familien foreslår arbeidsgruppa at etternamnet til ektefellane (og barna) kan vera eit bindestreksnamn samansett av dei opphavlige etternamna til foreldra, t.d. *Foss-Larsen*. Vi finn dette framlegget akseptabelt ut frå likestillingsomsyn, men vil peike på at det kan by på praktiske problem om slike bindestreksnamn blir forholdsvis lange. Særlig problematisk vil det bli om ein i tillegg har fleire fornamn og mellomnamn. (Arbeidsgruppa sett nemlig ikkje noka absolutt grense for kor mange fornamn eller mellomnamn ein person kan ha, sjå t.d. s. 146.)

Grenseoppgangen mellom etternamn og mellomnamn

Grenseoppgangen mellom etternamn og mellomnamn har vori problematisk, bl.a. fordi det i den problematiske mellomposisjonen kan vera vanskelig å sjå om ein har med eit mellomnamn å gjøra eller fyrste del av eit ”dobbelt etternamn”, t.d. *Lise Møller Hansen*. Er *Møller* her å oppfatte som mellomnamn eller fyrste delen av eit dobbelt etternamn? Slike doble etternamn er nå forbodne, men dei som hadde dei før lovforbodet kom, kan framleis bruke dei. Alle må ha fornamn og etternamn, mens ein ikkje treng ha mellomnamn. Som mellomnamn kan ein etter gjeldande lov bruke t.d.:

- etternamnet til ektefellen
- fornamnet til faren eller mora + etterleddet *-son/-sønn* eller *-dotter/-datter*, t.d. *Pedersønn/son* og *Ingridsdatter/dotter*

Arbeidsgruppa sett ikkje noka grense for kor mange mellomnamn ein kan ha (s. 146), men tillet berre eitt etternamn. Om ein person har fleire fornamn og mellomnamn – og dessutan eit langt bindestreksetternamn (*Christine Amalie /Bjørnsdatter Nordrehaug/ Herstadhagen-Brusevalddalen*)¹, seier det seg sjølv at det i dagliglivet kan bli nødvendig å ty til forkortingar. Vi vil foreslå at det berre blir høve til å ha eitt mellomnamn, og at dette skal vera av patronym- eller metronymtypen. Vidare foreslår vi at mannspatronyma (som kvinnepatronyma, t.d. *Evensdatter/dotter*) alltid skal ha geni-

¹ Namna mellom skråstrekane er mellomnamn.

tivsmarkering, dvs. to *s*-ar og etterledda *-son* eller *-sønn* (ikkje *-sen*), t.d. *Håkonsson/Håkonssønn*). Dermed vil ein av den språklige strukturen sjå om ein har å gjøra med eit mellomnamn, for det er berre i unntakstilfelle ein i dag finn etternamn av denne typen (med *ss*), t.d. *Håkonsson*. Ved dette grepet kan ein også opne for doble etternamn: Om det kjem to namn etter eit patronym eller metronym, er dei pr. definisjon doble etternamn. Dette gjør det mulig – avhengig av situasjonen – å forkorte det fyrste av dei doble etternamna, t.d. skrive *H. Brusevolddalen* (i staden for *Herstadhagen Brusevolddalen*). Men å forkorte det tilsvarende bindestreksnamnet gir språklig sett eit merkelig inntrykk: *Eva H.-Brusevolddalen* eller *Eva Herstadhagen-B*. Implisitt i dette framlegget ligg det at namn på *-sen* ikkje blir tillatne som patronym. Namna på *-sen* blir dermed å oppfatte som ein-tydige etternamn (fyrste del av eit dobbelt etternamn) når dei står i den problematiske mellomposisjonen, t.d. *Per Bjørnsen Dahl*.

Framlegget vårt om doble etternamn utan bindestrek ivaretar – som dei doble bindestreksnamna – både likestillingsomsyn og omsynet til namnefelleskap i familien. Dessutan gir dei større fleksibilitet i dagliglivet: Avhengig av situasjonen kan ein velja om ein vil bruke heile etternamnet (*Eva Herstadhagen-Brusevolddalen*) eller etternamnet i forkorta form (*Eva H. Brusevolddalen*). Men bindestreksalternativet skal naturlegvis stå opi for dei som ønsker det. Slike namn kan vera greie å bruke når dei er forholdsvis korte, t.d. *Foss-Paulsen*.

Fornamn

I motsetning til arbeidsgruppa vil vi gå imot å bruke Det sentrale folke-registeret som ”kontrollinstans” når det skal avgjöras om eit fornamn skal tillatas eller ikkje. I dette registeret er det trulig over 40 000 ulike namneformer (inklusive stavevariantar av same namn), og forholdsvis mange av desse namna har berre éin namneberar. Vi vil heller foreslå den ordninga dei har i Danmark, der det namnefaglige miljøet har utarbeidd ei liste på ca. 7000 fornamn (godkjende av Kirkeministeriet). Nye namn som blir godkjende, kan så komma på denne lista. I Noreg kunne det vera naturleg å ta utgangspunkt i *Norsk personnamnleksikon* frå 1995 (med ca. 6500 namneformer) når ein skal laga ei liste over godkjente fornamn. Ei slik liste over godkjente fornamn, som må utvidas noko utover dei 6500 fornamna i *Norsk personnamnleksikon*, bør også innehalde tilrådde skrivemåtar av namn, t.d. *Evelyn*, men ikkje sjeldne skrivemåtar som *Ewelyn*, *Evelyhn*, *Evelynh* o.l. Blant dei over 40 000 fornamna i Det sentrale folkeregisteret fins det nemlig temmelig mange fornamn med ortografisk pryde, t.d. stumme *h*-ar. Både for namneberaren og andre kan slike namn vera problematiske. Mange kan i

slike tilfelle tru at namnet er skrivi feil – jf. stum *h* i desse namneformene: *Bryhnjulf*, *Eirinh*, *Jehnnny*, *Joruhn*, *Juhne*, *Kehn*, *Madelehn*, *Mailehn*, *Sebulohn* og *Yvohn*. Vi meiner at den nye namnelova må innehalde formuleringar som går på at sjeldne skrivevariantar av eit namn kan bli avviste.

Ny saksgang ved behandling av namnesaker

Arbeidsgruppa foreslår at fylkesskattekontora skal overta dei oppgåvene som tidligare har vori tillagde folkeregistera (som fyrste behandlingsinstans) og Fylkesmannen (som andre behandlingsinstans). Eit eige klageorgan i Skattedirektoratet skal så ta stilling til namnevedtak som blir påklaga etter behandling i fylkesskattekontora. Vi ser det som særlig viktig – som arbeidsgruppa foreslår – at det blir knytt ein namneforskar til Skattedirektoratet på konsulentbasis. Tidligare har ein i liten grad trekt inn namneforskarar i saksbehandlinga – jf. at arbeidsgruppa på s. 79 nemner at ”navneforskningsmiljøet bruker i overkant av to ukeverk i året på namnesaker”. Etter vårt syn er dette sjokkerande lite i forhold til den samla arbeidsmengda på personnamnsaker i Noreg – nærmare 14 årsverk (s. 79). Dette er også svært lite i forhold til det som namneforskarmiljøet i Danmark og Sverige bruker på namnesaker. Frå personnamnkonsulent Michael Lerche Nielsen (Institut for navneforskning, Københavns Universitet) har vi såleis fått opplyst at han bruker over eit halvt årsverk på namnesaker. Dette viser at behovet for namnefaglig assistanse ved namnesaker burde vera mye større i Noreg enn dei to vekeverka pr. år som ein har nøydd seg med hittil. Ut frå dette ventar vi at ressursane til namnefaglig assistanse blir auka monalig. Vi vil derfor gjøra framlegg om at det blir oppretta ei halv stilling som personnamnkonsulent knytt til namnegranskingsmiljøet, t.d. ved Seksjon for namnegranskning, Universitetet i Oslo.

Gulbrand Alhaug

gulbrand.alhaug@hum.uit.no

EVALUERING AV STADNAMNLOVA

Ei intern departemental arbeidsgruppe har på grunnlag av høringsfråsegner og anna materiale lagt fram ein evalueringsrapport om lov om stadnamn. Arbeidsgruppa har kome med ei rekkje framlegg til endringar og ikkje minst forenklingar i sakshandsaminga av lova og dei tilhøyrande forskriftene. Forenkling og demokratisering er to stikkord som høver for framlegget. Det er no sendt ut til høyring med frist 1. september, og ulike organ og interessegrupper skal få seia sitt. Før departementet kan leggja

fram eit eventuelt forslag til lovending, vil det nok verta ein del innspel å ta omsyn til. Namnekonsulenttenestene er så vidt *Nytt om namn* kjenner til, redd for at namnefaglege omsyn kan måtta vika for lokale administrative ynskemål. Eli Ellingsve har fått i oppdrag å sy saman merknadene til namnekonsulentane – sannsynlegvis vil dei òg sprikja noko.

BH

RANDA SOM FØRENAMN

I midten av april ringde ei fortvila nybakt bestemor til underskrivne og spurde om det ikkje var mogeleg å gje *Randa* som førenamn til ei jente. Situasjonen var nemleg at dottera hennar hadde fått ei jente som foreldra ville kalla opp etter mormora, men Folkeregisteret i Harstad hadde avslege namnet av di det meinte det fall saman med eit verna slektsnamn samstundes som det ikkje var eit vanleg førenamn. Familien var særleg lei seg av di barnet var fødd for tidleg, og dei visste ikkje korleis det kom til å gå med det.

I tillegg til det menneskelege omsynet er det her to tilhøve som spelar inn, nemleg tolkinga av lovregelen i lov om personnamn og ei vurdering av *Randa* som førenamn. Dersom den judisielle sida er klar, vil det neppe verta gjort vedtak imot lova sjølv om sterke menneskelege omsyn skulle tilseia noko anna. Er derimot det juridiske tilhøvet uklart, bør tvilen koma den det gjeld til gode. No seier personnamnlova at ein ikkje kan ta som førenamn eit namn som fell saman med eit verna slektsnamn og ikkje samstundes er eit opphavleg førenamn. Etter databasen i Statistisk sentralbyrå er det 147 som har *Randa* som etternamn, og dei fleste av desse har venteleg namnet frå gardsnamnet *Randa* (av gammalnorsk *Randir*) i Fister i Rogaland. *Norsk etternamnleksikon* opplyser at nokre få har namnet frå finsk og svensk.

No står *Randa* oppført i *Norsk personnamnleksikon* med ein kommentar at det kan vera kortform av *Miranda* eller avleidd av *Randi*, og at det har vore kjent sidan 1880, men at det er svært lite brukt. I *Hvem er hvem* for 1948, s. 400, er det omtala ei *Randa Johanne Irgens* (frå Gjerstad i Akershus, faren var frå Kragerø, opplyst av Kristoffer Kruken). Etter Statistisk sentralbyrå er det 23 kvinner som har *Randa* som førenamn, 12 av desse har det som einaste førenamn. Etter dette skulle det ikkje vera nokon grunn til å meina at *Randa* ikkje kan reknast som eit opphavleg førenamn, og såleis må det kunna nyttast utan formelle innvendingar frå Folkeregisteret.

Det høyrer med til saka at under ein telefonsamtale med Folkeregisteret i Harstad, meinte saksbehandlaren at saka kunne påklagast og sendast til fylkesmannen til avgjerd. I dette tilfellet var det for det fyrste menneskeleg sett urimeleg å gå til ein slik tidkrevjande prosedyre, og for det andre var det ut frå førekomsten av namnet ingen grunn til å nekta i fyrsteinstans. Meir sjokkerande var det å høyra at Folkeregisteret ikkje hadde nettilgang til databasen i Statistisk sentralbyrå eller kjennskap til *Norsk personnamnleksikon*. Dersom dette er ein vanleg tilstand i folkeregistera, bør det setjast i gang ei skolering av personalet. Det kan kanskje koma i samband med den nye personnamnlova som er under arbeid.

Botolv Helleland
botolv.helleland@inl.uio.no

KARTVERKET

NY FORVALTNINGSANSVARLIG FOR STEDSNAVN

Nils Jørgen Gaasvik er blitt ny forvaltningsansvarlig for stedsnavn i Statens kartverk. Alle henvendelser ang. forvaltning av lov om stadnamn, saksbehandling etter loven og informasjon/rådgivning om dette rettes nå til Nils Jørgen Gaasvik, Statens kartverk Sør-Trøndelag, tlf. 73 19 95 23, e-post nils-jorgen.gaasvik@statkart.no.

Spørsmål om SSR rettes som før til Johnny Andersen, tlf. 32 11 81 71, e-post johnny.andersen@statkart.no.

Gaasvik etterfølger Anne Svanevik, som er blitt Seksjonsleder for Forvaltningsseksjonen i Statens kartverk Land etter Karsten Lien. Sistnevnte er i sin tur blitt Fagdirektør Forvaltning i samme divisjon.

Karsten Lien
karsten.lien@statkart.no

DE NAVNEANSVARLIGE I STATENS KARTVERK

Rundt omkring, på 18 steder i landet, sitter det noen som har fått den privilegerte oppgaven å gjøre vedtak på skrivemåten av stedsnavn på vegne av Statens kartverk. Dette er, som en ser av presentasjonen, en variert og forskjellig forsamling med én vesentlig ting til felles: sin interesse for og erfaring med stedsnavn.

Hvordan navnearbeidet er organisert, varierer en del fra kartkontor til kartkontor, men de navneansvarlige har ansvar for å:

- reise og behandle navnesaker i samsvar med lov om stadnamn og interne retningslinjer/instrukser
- styre navnesaker og sikre rimelig framdrift
- gjøre vedtak i navnesaker i samsvar med lov om stadnamn
- holde kontakt med kommunene og navnekonsulenttjenesten
- legge inn nye vedtak i Sentralt stedsnavnregister (SSR)
- rette feil og mangler i SSR (kvalitetssikre SSR)
- informere om lov om stadnamn til kommuner og offentlige etater innenfor fylket
- svare på spørsmål om navn
- holde kontakt med media

Dessuten skal de internt på kartkontorene sørge for å:

- få opplysninger om prosjekter og kartproduksjon
- levere oppdaterte navnefiler til bruk i prosjekter og kartproduksjonen ved kontoret
- få opplysninger om framtidige planlagte Geovekst-prosjekter (Geovekst er geodatasamarbeid mellom Kommunenes sentralforbund, Energiforsynings fellesorganisasjon, Statens kartverk, Telenor, Vegdirektoratet og Landbruksdepartementet), slik at etablering og ajourføring kan planlegges med tanke på framtidige kartlegginger
- gi opplysninger om produksjonsplaner og fremdrift

I presentasjonen ble de navneansvarlige stilt følgende spørsmål:

1. Hvor lenge har du arbeidet i Kartverket?
2. Hvor lenge har du arbeidet med navn?
3. Bakgrunn?
4. Hvorfor ble du tildelt jobben som navneansvarlig?
5. Spesielle opplevelser som navneansvarlig?
6. Hvilke oppgaver driver du med akkurat nå?
7. Hvilke andre oppgaver har du i Kartverket?



- 4. Lang erfaring med navn
- 6. Kvalitetssikre SSR og ne
- 7. VBASE (vegdatabase).



Anders Kirkebø, Østfold

- 1. 29 år.
- 2. 10 år.
- 4. Pålagt.
- 6. Innlegging av stedsnavn fra ØK (Økonomisk kartverk) inn i SSR. Bjørg Hansen arbeider også med navn i Østfold.
- 7. Temakart, Arealis og FKB (Felles kartdatabase).
nøyaktighetskontroll og
passpunktbestemmelse, 7 år på NORAD-
oppdrag i Kenya og Zambia.



Roar Børresen, Hedmark

- 1. Fra 1968.
- 2. Fra 1968, navneansvarlig fra 1999.
- 4. Lang erfaring og interesse.
- 6. Avventer behandling av ankesaker.
- 7. Geovekst.



John Apeland, Oppland

- 1. 27 år.
- 2. Navneansvarlig siden 1992, ØK-navning siden 1978.
- 3. Stend (landbruks- og jordskifteskole).
- 4. Interesse, samt bakgrunn fra ØK-navning.
- 5. Ensomhet i starten, for lite ressurser, skyteskive i media, mye bra folk som en kommer i kontakt med, kan ikke få fullrost Terje Larsen.
- 6. Etterslep på nestenvedtak.
- 7. Markedskoordinator og verneombud

etter en fullstendig gjennomgang av navn i Nes kommune (Geovekst-prosjekt), saker fra Navnerådet i Kartverket.

7. Generell informasjon, navn i alle prosjekter.



3. Cand.real. (kvartærgeologi).

4. Ingen andre ville ha den jobben.

6. Stedsnavnkapittelet i Proff (Håndbok for produksjon av FKB, DEK og N5-produkter) er akkurat ferdig, vedtak og innleggelse i SSR

sa at Borgheim på Nøtterøy skulle få tilbake sitt gamle navn Nøtterø.

6. Navnetilfanget på ØK i Sande kommune.

7. Fra 1. nov. 2000 har jeg hatt stilling som "Rådgiver". Arbeider for tiden med Boligadresse-prosjektet, bistand, internrevisjon i Kartverket, Forsvarssjefens leveranser av Geodata i krise og krig, samt at jeg behandler saker etter delingsloven.



4. var selv rykeskartsjer på det aktuelle tidspunktet. Var den eneste som hadde ledig resurs og interesse.

5. Beskyldt av innflyttet bergenser for å være en "firkantet hvråkrat" da jeg



Eivind Vrangsund, Telemark

ikke kjent med kartnavna og de tror de ikke trenger bruke kart.

6. Navnespørsmål for sjøkart.

7. Eiendomsbase, flybilder og landsnett.



Tor Voie, Aust-Agder

1. Siden 1963.

2. Siden starten med navning av ØK i 1970.

3. Handels- og skogskole.

4. ... det var vel ingen andre, og jeg hadde mest erfaring fra navning av ØK.

6. De siste par åra er det stort sett nestenvedtak og revisjon av sjøkartene vi har jobbet med. Dette regner vi med å bli ferdig med i løpet av året 2001.

7 Diverse arbeider med Geovekst-prosjekter



Finn E. Isaksen, Vest-Agder

1. Siden 1977.

2. Siden 1991.

3. Jordskifte kandidat.

4. En viss interesse for navn.

5. Sørendinger er et fredsommelig folkeferd, jeg er verken hetset eller blitt trakassert på annen måte.

6. Opprydding i for lengst påbegynte og delvis avsluttede saker. Venter på tilbakemelding i klagesaker

7. Nest-leder, GAB ansvarlig, hovedansvar innenfor delingslov og matrikkelsystem, markeds koordinator og informasjon.



Ketil Hognestad, Rogaland

1. Siden 1982.

2. Siden 1993.

4. Hadde interesse for namn. Litt norsk, historie og kart i fin kombinasjon. I tillegg får eg kontakt med mange personar med svært sterke meiningar om emnet.


6. Generell saksbehandling tar *Hartvig Haugen* (Hordaland) seg av, eg har kontakt mot kartmiliøet og Sjøkartverket



7. Har ansvar for eao og FDV (forvaltning, drift og vedlikehald), deltar i FKB (felles kartdatabasar) temakart sal og administrasjon (nestleiar)

Hartvig Haugen, Hordaland

1. Sidan 1978.
2. Sidan 1986.



Åmund Fykse, Sogn og Fjordane

1. 1979.
2. ØK-namning frå 1979, saker etter stadnamnlova frå 1991.
3. Jordskifte kandidat 1971, kommunal praksis 1971–1979.
4. Ei blanding av egne interesser, kompetanse/interesse elles ved kontoret og litt slumpetreff.

5. Det var utfordrande å delta i den arbeidsgruppa som i si tid utforma Kartverket sine retningsliner for arbeidet etter stadnamnlova, og i det daglege arbeidet kjem ein som namneansvarleg rett som det er opp i både interessante og vanskelege problemstillingar, men det følger også ofte med ein ”mediestorm” som ikkje alltid er like triveleg eller lett å handtera.
6. Opprydding i N250-namn (bruka i målestokk 1:250 000) med status ”Foreslått”. Samarbeid med ein kommune og namnekonsulenten om utveljing av namn, reising og gjennomføring av namnesaker av særleg stor interesse i kommunen. Tilsvarande arbeid i ein annan kommune for eit utval av gardsnamna i kommunen.
7. Nestleiar, geovekstansvarleg med geodataplanlegging og prosjektstyring, delingslovsansvarleg.



Alf Meisingset, Møre og Romsdal

1. 35 år medrekna tida på Jordskifteverket sitt kartkontor.
2. 35 år.
3. Skogskule.
4. Lang fartstid med namnearbeid. Fleire kurs om stadnamn. Elles lang og allsidig tid som kulturarbeidar i mange lokale lag og organisasjonar og med sterk interesse for stadnamn.

5. Ei rad heiderstitlar som: ”din fordømte målmann”, ”din forbanna hestkuk” og ei rekkje andre beskrivande invektive ord. Midt under heitaste debatten om skrivemåten av Angvik/Angvika gav ein journalist til kjenne at eg måtte berre passe meg. ”Du må vera klar over at eg kan knekke deg som ei lus om eg vil”. Ein sunnmøring prøva seg med eit smigrande tilbod om gratis hjortejaktvald dersom eg kunne tenkje meg å gå med på ein ønska skrivemåte.



Nils Jørgen Gaasvik, Sør-Trøndelag

1. 2 år.
2. 2 år i kartverkssammenheng.
3. Lektor, cand.philol. med norsk hovedfag, hovedoppgave om stedsnavn (*Stadnamn frå Trondheimsmarka*, Universitetet i Trondheim, 1978). Ett år undervisning i ungdomsskole, 21 år i videregående, med fag som kroppsøving, religion, filosofi, historie og norsk.
4. Ieø søkte nå stilling som navneansvarlig

Møre og Romsdal.

5. Samarbeid med gode kolleger, navnesamlinger sammen med Navnekonsepttjenestene, deltakelse i paneldebatt i Molde, deltakelse på pressekonferanser i Namsos og Rørvik for å presentere nye sjøkart.
6. Navnesaker, først og fremst i forbindelse med revisjon av Norge 1:50 000-kart i de tre midtnorske fylkene, og utgivelse av nye turkart. Behandling av klager på navnevedtak og svar på henvendelser om navn til fylkeskartkontoret. Innlegging av navnevedtak som er gjort av Statens kartverk, Statens vegvesen, kommunene osv. i SSR. Andre oppdateringer i SSR. Modernisering av skrivemåter på sjøkart og digitalisering av sjøkartnavn i SSR. Rapporteringer. Kontroll av temakoder m.m. for navnedatabaser. Bli med på sluttarbeidet med å kople N250-forekomster opp mot navn som allerede er registrert i SSR.
7. Til nå har jeg arbeidet utelukkende med navn.



Asle Angelsen, Nordland

1. 34 år.
2. ca. 20 år.
4. Jobbet tidligere med tilrettelegging og oppfølging i forhold til kommunale navnekomiteer (ØK-navning).
5. Overrasket over stort engasjement i saker angående skrivemåte av stedsnavn.
6. Nordland er nå inne i sluttfasen med ferdigstilling av ØK og vi har i den forbindelse

et utstrakt samarbeid med ”Stadnamnprosjektet i Nordland”. *Finn Myrvang* som leder nevnte prosjekt, samler inn navn og kommer med tilråding til skrivemåter på disse. Etter møter og samråd med den enkelte kommune gjør så Kartverket vedtak. *Sonja Laastad* arbeider også med navn i Nordland. Hun arbeider mest mot SSR og for tiden legges ØK-navn for Geovekst–Ofoten inn i basen.



Britt Figenschau, Troms

1. Siden 1983.
2. Fra 1985 navneinnsamling/navning på ØK.
3. Offentlig administrasjon, kontorarbeid/saksbehandling.
4. Norsk kunnskaper/interesse for navn.
5. F.eks. gubben som kom trampende inn for å kjeft skikkelig, og endte opp med å be om at jeg måtte hjelpe han med å skrive klagen på det vedtaket han antok ville bli noe han ikke likte.

6. Gjør vedtak på gamle saker.
7. GAB (Grunneiendoms-, adresse- og bygningsregisteret) og Boligadresseprosjektet.



Hjørdis Varsi Pedersen, Finnmark

1. Siden 1978.
2. Siden 1993.
4. Hovedsakelig fordi jeg snakker samisk.
6. Geovekstprosjekter i fylket, etablering av SOSI-filer (standardformat for digitale geodata).
7. Post/arkiv, økonomi og andre merkantile oppgaver.

Aud Bakken
aud.bakken@statkart.no

NORNA

KOMANDE NORNA-SYMPIOSIUM

NORNAs 30. symposium: Namn och kulturella kontakter i Östersjöområdet, 14.–16. september 2001, Visby, Gotland.

Kontaktperson: staffan.nystrom@nordiska.su.se

NORNA:s 31. symposium: Stednavnetypen *-torp*, 25.–28. april 2002, Jaruplund, Sydslesvig, Danmark.

Kontaktperson: bente.holmberg@hum.ku.dk

Gunnstein Akselberg

NAMNSYMPOSIER I FINLAND

I slutet av april ägde två beaktansvärda namnsammankomster rum i Finland. Den 19 april arrangerade Forskningscentralen för de inhemska språken och Svenska institutionen vid Åbo Akademi ett jubileumsseminarium på Forskningscentralen i Helsingfors för att celebrera Peter Slottes 60-årsdag. Programmet var tematiskt tudelat enligt jubilearens två huvudområden inom språkforskningen: dialektologi och namnforskning. De dialektologiska föredragen berörde ämnen med anslutning till Peter Slottes dialektologiska verksamhet som huvudredaktör för den finlandssvenska dialektordboken. Ann-Marie Ivars (Helsingfors) hade gett sitt föredrag rubriken *Ska vi forska i svenska dialekterna i Finland?* Ämnet för för Matti Vilppulas (Helsingfors) bidrag var *Svenska lånord i de finska dialekterna*. Maj Reinhammar (Uppsala) talade om *Likt och olikt. Svenska dialekter på ömse sidor om havet*.

Jubileumsseminariets eftermiddag ägnades åt ortnamn. Bent Jørgensen (Köpenhamn) inledde med temat *Storbyens stednavne*. Därefter diskuterade deltagarna med Staffan Nyström (Stockholm) som inledare och ordförande *Begreppet namnlexikon: Onomastikon och namnkonventioner*. De inemot femtio inhemska och utländska deltagarna i det givande seminariet avslutade dagen med glad samvaro kring bordets håvor. Forskningscentralen för de inhemska språken har lovat publicera jubileumsseminariets föredrag i tidskriften *Språkbruk*.

Redan morgonen därpå styrde många av seminariedeltagarna kosan mot Svidja några tiotal kilometer väster om Helsingfors där NORNA:s tjugonionde symposium *Avgränsning av namnkategorier* arrangerades den 20–22 april med 26 deltagare. Följande föredrag hölls: Vibeke Dalberg, *De proprielle særtræk – et diskussionsindlæg*; Kristin Bakken, *Navnstatus og bestemthetskategorien*; Gunnstein Akselberg, *Kategorisering som prinsipp i namnegranskinga. Ei teoretisk-metodisk drøfting med utgangspunkt i onomastikon-modellen*; Terhi Ainiala, *Urbana namn som namnkategori*; Paula Sjöblom, *Firmanamn som namnkategori*; Katharina Leibring, *Att definiera namnkategorier: exemplet husdjursnamn*; Svavar Sigmundsson, *Personnamn som ortnamn på Island*; Ole-Jørgen Johannessen, *Noen syntaktiske forhold ved tilnavn*; Gudlaug Nedrelið, *Mellomalderlege tilnamn*; Vidar Haslum, *Om forholdet mellom avgrensning av stednavnkategorier og*

teori, belyst ved noen grammatisk-semantiske mekanismer, særlig presiseringsfunksjonen; Berit Sandnes, Integrasjonsprosesser i kontaktonomastikk og hybridnavn; Anfinnur Johansen, Navne på færøske kaproningsbåde. Symposiet avslutades med att Rob Rentenar gav en ypperlig sammanfattning av allt som hade förevarit.

Symposiets tema var av allt att döma väl valt, och föredragen gav upphov till livliga meningsutbyten. Det finns säkert skäl att ytterligare utveckla en del av idéerna från symposiet. Den mindre officiella delen av symposiets program omfattade bland annat en bastukväll och en festsupé i Svidja slotts nyrestaurerade riddarsal. Symposierapporten kommer att utges av Forskningscentralen för de inhemska språken.

Ritva Liisa Pitkänen
ritva-liisa.pitkanen@kotus.fi
 Helsingfors

ICOS-NYTT

STYREMØTE I ICOS, UPPSALA, 11.–13. MAI 2001

ICOS (International Council of Onomastic Sciences) har hatt styremøte på Namnavdelningen, Språk- och folkminnesinstitutet (SOFI) i Uppsala 11.–13. mai 2001. Førre møtet var i Oslo i oktober 2000 (sjå *Nytt om namn* 32). Også på dette siste møtet var viktigaste saka dei nye lovene for organisasjonen. Styret i ICOS tek sikte på å leggja dei fram for generalforsamlinga til godkjenning ved den neste internasjonale namnegranskarkongressen i Uppsala i august 2002.

Til no har ICOS hatt Leuven i Belgia som permanent adresse, men frå 2002 vil organisasjonen, med godkjenning av generalforsamlinga, vera registrert ved Namnavdelningen på Uppsala arkivcentrum.

Nr. 35 av ICOS-tidsskriftet *ONOMA* er sendt ut. Det har ”Aspects of Name Standardisation” som tema og er redigert av Isolde Hausner. Nordiske medarbeidarar i dette heftet er Sirkka Paikkala, Leif Nilsson og Botolv Helleland. Nr. 36 med temaet ”Names in Contact: german-slavonic and german-romanic contacts” vert redigert av Inge Bily (Leipzig) og Maria Giovanna Arcamone (Pisa) og er venta mot slutten av året.

ONOMA 37 har spesiell interesse for lesarane av *Nytt om namn* etter som temaet er ”Norden onomastics”, med Mats Wahlberg (Uppsala) som

redaktør. Ansvarleg redaktør for *ONOMA* er Willy Van Langendonck (Leuven).

Neste styremøte i ICOS skal haldast i Wien i mars 2002.

BH

DEN 21. ICOS-KONGRESSEN I UPPSALA 19.–24. AUGUST 2002

Førebuingane til Den 21. internasjonale kongressen i namnegransking (ICOS-kongressen) går sin gang i Uppsala. Som meldt i *Nytt om namn* nr. 31 skal kongressen haldast 19.–24. august 2002. Det fyrste rundskrivet med opplysningar om kongressen, påmelding osv. er for lengst sendt ut. Informasjonen finn ein på www.dal.lu.se/sofi/oau/ICOS21.html. Dei som ynskjer vidare opplysningar, kan venda seg til Namnavdelningen, Språk- och folkminnesinstitutet. Box 135, SE-751 04 Uppsala, e-post: registrator@sofi.uu.se.

BH

DOKTORDISPUTAS

DOKTORDISPUTAS I OSLO OM LIBANESISKE STADNAMN

Laurdag 16. juni 2001 forsvarte Elie Dib Wardini avhandlinga si *A Glimpse of Yesterday: A typology of Variation and Change in Lebanese Place-names (Mount Lebanon and North Lebanon)* for dr.art.-graden ved Universitetet i Oslo. Dei to prøvoførelesingane vart haldne fredag 15. juni. Tittelen på den sjølvvalde førelesinga var "Playing with fire: On the origin of the sedentary Arabic dialects", medan den oppgjevne tittelen lydde "The County of Tripoli in the 12th and 13th centuries". Wardini har vore stipendiat ved Institutt for austeuropeiske og orientalske studiar.

BH

ANNA MELDINGSSTOFF

SEMINAR FOR EIN ÅTTIÅRING Norsk stadnamnarkiv 1921 – 2001

Seksjon for namnegransking, som er dagens namn på det tidlegare Norsk stadnamnarkiv, arrangerer eit seminar torsdag 22. november 2001 for å markera at institusjonen rundar 80 år. Seminaret skal vera i Auditorium 2 i Georg Sverdrups hus på Blindern (Universitetsbiblioteket) og vert halde i førekant av MONS IX (MONS = Møte om norsk språk) slik at interesserte kan vera med på både arrangementa. Foredraga og innleingane skal trykkjast i *Seksjon for namnegransking. Årsmelding 2001*.

Eit overordna tema for seminaret er stoda i dei norske namnearkiva og dei tilhøyrande fagmiljøa. Aktuelle spørsmål omkring arkiva og forskingspolitikken er:

- Fungerer arkiva godt nok i høve til oppgåver og plikter?
- Er arkivet ved Seksjon for namnegransking (det tidlegare Norsk stadnamnarkiv) det det burde vera?
- Korleis ser dei regionale og lokale arkiva på si rolle i ein nasjonal samanheng?
- Korleis kan dei regionale og lokale arkiva dragast inn i ein overordna samanheng?
- Kva rolle spelar Samarbeidsnemnda for namnegransking når det gjeld samordning og utvikling av arkiva?
- Kvar står ein når det gjeld datamaskinell tilgang til samlingane?
- Kva forskingspolitiske mål er lagde for namnegransking?
- Kven legg premissane for faget, og kven har det økonomiske ansvaret?

Det er mange trådar å ta tak i under desse spørsmålstillingane, og alle kan ikkje få eit uttømande svar på eit par føremiddagsøkter. Seksjon for namnegransking inviterer fagfolk og andre interesserte til eit seminar om namnearkiva. I tillegg til dei som steller med stadnamn og andre namn til dagleg, vil seminaret ha interesse for historielagsfolk, tilsette i den kommunale kultursektoren o.l. Fyrste delen av seminaret vil ha tre innleiarar som tek for seg ulike sider av emnet. Etter pausen vert det ein paneldebatt med fire innleiarar som får inn til ti minutt kvar til å koma med synspunkt på dei aktuelle spørsmålsstillingane. Deretter vert det ein replikkrunde mellom panelet før salen slepp til.

Både foredraga og diskusjonsinnlegga til panelet skal som nemnt trykkjast i *Seksjon for namnegransking. Årsmelding 2001*, og då i ei noko utvida form slik at forfattarane kan få plass til meir enn det som det vert tid til å ta med på seminaret. Deltakarane i panelet vil i sine skriftlege versjonar kunna innarbeida synspunkt som har kome fram under diskusjonen.

Seminarer tek til kl. 9.00 og varer til kl. 12.45 (MONS opnar kl 13). Deltakaravgifta er 50 kroner, som dekkjer ei enkel servering og neste års årsmelding med rapport frå seminarer.

Om kvelden same dag vert det ope hus med rjomegraut på Sofies plass 1 (ved Bislett).

Programmet ser førebels slik ut:

Kl. 9.00 Opning med ein kaffikopp

Kl. 9.15 Foredrag (Ole-Jørgen Johannessen). Diskusjon

Kl. 9.45 Foredrag (Tom Schmidt). Diskusjon

Kl. 10.15 Foredrag (Kaisa Rautio Helander). Diskusjon

Kl. 10.45 Kaffi/te og kringle

Kl. 11.15 - 12.45 Paneldebatt (Kristin Bakken, Peter Hallaråker, Aud-Kirsti Pedersen og Ola Stemshaug). Plenumsdiskusjon

Kl. 13.00 opnar Det niande møtet om norsk språk (MONS) i Auditorium 1, som ligg vegg i vegg med Auditorium 2).

PÅMELDING TIL SEMINAR FOR EIN ÅTTIÅRING 22.11.2001

Namn

Adresse

e-post:

Telefon (privat/arbeid):.....

Vil vera med på sosialt kveldssamvær med rjomegraut: (set kryss).
Seminaravgifta betaler ein ved frammøte.

Botolv Helleland
botolv.helleland@inl.uio.no

NAMNEGRANSKAR MED STIPEND FRÅ NFF

Dr. art. Kristin Bakken har fått eit åtte månaders stipend frå Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening til eit prosjekt med tittelen *Onomastikk – mål og metoder*. Det er tenkt som ei lærebok i namnegransking for eit 5-vekttals innføringskurs på universitetsnivå og vil m.a. kunna gå inn som pensum i mellomfagstillegget i namnelære. Forfattaren vil leggja lærebokprosjektet opp for ei nordisk målgruppe.

BH

STIPENDIAT I NAMNEGRANSKING I OSLO

Cand.philol. Åse Wetås har fått eit treårig universitetsstipend frå Det historisk-filosofiske fakultetet ved Universitetet i Oslo for å arbeida med eit prosjekt om bortfallet av kasusinfleksjon i norsk. Det er tale om ein diakron, komparativ studie av proprialt og appellativisk materiale. Utgangspunktet for studien er ein hypotese om at kasusbortfallet skjer trinnvis, og at kasusinfleksjonen altså ser ut til å bli redundant for proprium på eit tidlegare steg i prosessen enn for appellativ. Wetås vil praktisk verta knytt til Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Seksjon for namnegransking.

BH

AUTOMATISK NAMNEATTKJENNAR

Etter kvart er det lagt opp store tekstbasar på Internett. Frå eit kommersielt synspunkt vil det t.d. ha interesse å finne raskt fram til alle opplysningar knytt til eit firma, t.d. *Ardis*. Ein kan da t.d. gå inn på ein søkemotor som www.google.com. Da får ein bl.a. tilslag på det datateknologiske firmaet *Ardis* i USA, men samtidig får ein også ut mye "rusk", dvs. opplysningar om ei rekkje kvinner med fornamnet *Ardis* (både i Noreg, Sverige, Island og USA), og også ein og annan mann med dette fornamnet, bl.a. ein bulgarar som har teki patent på ein forbrenningsmotor som forureinar lite. Frå eit kommersielt perspektiv ville søkinga på nettet fungert betre om ein kunne ha spesifisert kva ein var ute etter, t.d. eit *firma* som heitte *Ardis*.

Ein automatisk namneattkjennar er eit program som kan avgjøre kva slags type det aktuelle namnet er – om det er eit firmanamn, eit fornamn, eit etternamn, eit stadnamn osv. Eit viktig kriterium for å avgjøre dette er kva for kontekst det aktuelle namnet står i. Med tanke på å utvikle eit slikt program har dei datalingvistiske miljøa i Noreg, Sverige og Danmark gått saman og etter søknad fått ein mill. norske kroner i støtte frå NorFA

(Nordisk forskarutdanningsakademi). Prosjektet samarbeider med Internett-firmaet FAST Search & Transfer som vurderer å gå inn i prosjektet med studentstipend. Sentrale aktører frå norsk side er Tekstlaboratoriet ved Universitetet i Oslo og HIT-senteret ved Universitetet i Bergen. Som namnefaglig sakkunnig er Botolv Helleland med i den norske delen av prosjektet.

Namneattkjennaren skal kunna gå inn i elektroniske tekstar og bestemme kva for namnetype det er tale om i kvart enkelt tilfelle. Eit problem som er særleg aktuelt i Noreg, er å avgjøre om eit namn er etternamn eller stadnamn ettersom svært mange etternamn i Noreg er av gardsnamntypen. Vidare har mange etternamn gått over til å bli firmanamn, t.d. *Lefdal*. I Sverige er det alt utvikla ein førebels versjon av ein namnetypeattkjennar innafor EU-prosjektet AVENTINUS. Denne attkjennaren bygger på lingvistisk kontekst, men målet er å utvikle ein attkjennar som også kan ta omsyn til andre kriterium, t.d. statistisk sannsynlighet for om eit namn er eit firmanamn eller eit etternamn. I denne samanhengen kan ein t.d. leggja til grunn frekvenslister for etternamn. Det fyrste namneattkjennarseminaret er alt arrangert – på Fefor i januar 2001.

Gullbrand Alhaug

gulbrand.alhaug@hum.uit.no

NETTKURS I NAVNEGRANSKING

Universitetet i Trondheim (NTNU), Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, tilbyr høsten 2001 et innføringskurs i stedsnavngransking via Internett. Gjennom nettforedlesninger skal studentene få ei innføring i generelle emner som registrering og datering av navn, og regelverk og styring av skrivemåten for norske stedsnavn. Andre forelesninger vil dreie seg om viktige navnegrupper, som gårdsnavn, elve- og innsjønavn, navn på fylker og byer, og navn langs kysten.

Pensum for kurset omfatter om lag 850 sider. Studentene skriver to korte øvingsoppgaver (2–3 s.), som må være godkjent før eksamen kan avlegges. Skriftlig eksamen består i semesteroppgave (hjemmeoppgave, ca. 15 sider). Ingen muntlig eksamen.

Kurset er åpent for alle interesserte. Nødvendige forkunnskaper er generell studiekompetanse (eksamen fra videregående skole). Målgruppen er lærere som ønsker etter-/videreutdanning innenfor norskfaget, ansatte med arbeidsoppgaver innenfor teknisk etat, kartverk eller kulturarbeid, og for

øvrig mennesker med historiske og språklige interesser. Godkjent eksamen i emnet *HF NORD 204 Innføring i stedsnavngranskning – nettbasert* gir 5 vekttall. Kursstart: 20. august 2001. Påmeldingsfrist: 1. august 2001.

Påmelding skjer til "NTNU videre" (kontakt: ashild.sorbo@adm.ntnu.no for påmeldingsskjema og påmelding). Pris: 6000 kr + semesteravgift 315 kr. Mer informasjon om emnet (studieplan, pensumliste m.m.) vil bli lagt ut på nettsidene til Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap ved NTNU, adresse <http://www.hf.ntnu.no/nor/>

Eli Ellingsve
eli.ellingsve@hf.ntnu.no

DET ARABISKE I DET NYNORSKE – OGSÅ OM NAMN **Seminar ved Ivar Aasen-instituttet 2. november 2001**

Seminaret tek for seg to tema som så langt har vore lite påakta: Finst det arabiske innanfor den nynorske skriftkulturen? Og korleis kan den arabiske og den nynorske skriftkulturen kaste lys over kvarandre? Av foredrags-haldarane på seminaret skal her nemnast Ivar Utne, Universitetet i Bergen, som kjem til å snakke om: *Når folk skifter namn – kva skjer i det intime språk- og kulturmøtet når vi normerer framande namn på norsk?*

Han vil ta for seg dei vanskaner som oppstår når ein skal tilpasse arabiske namneskikkar den norske verkelegheita. Han har mange interessante poeng, m.a. der han trekkjer parallellar mellom dei haldningane som ein møter arabarar med i dag, og norske embetsmenn si vantande forståing for namneskikkane på den norske landsbygda for 150 år sidan. Det staten og andre styresmakter vil ha, er stabile namn. Da vert folk lettare å administrere. Norske bønder kunne skifte namn ved giftemål eller overtaking av gardsbruk. Arabiske namneskikkar er også ustabile. Det finst ikkje noko skarpt skil mellom fornamn og etternamn, og det er vanleg å skifte namn, t.d. når ein mann eller ei kvinne får ein son. Styresmaktene møter gjerne slike ustabile namneidentitetar med skepsis, og jamvel klagemål om fusk. Resultatet kan gjerne bli at arabarar råkar ut for stigmatisering og mistru, slik også norske bønder gjorde før. Seminaret er ope for alle interesserte.

Stephen Walton
stephen.walton@hivolda.no

SÆREMNE OM NAMN I VIDAREGÅANDE SKULE

Det obligatoriske særmenet i norsk i vidaregåande skule gjev elevane høve til å arbeida både med personnamn og stadnamn. Før vi ved skulen vår får elevar til å velja namnegransking som emne, krevst det ein innsats frå norskseksjonen eller einskildlæraren. Til denne tid har det nemleg ikkje hendt at elevar har spurt om å få skriva om namn. Vi har sjøl introdusert emnet i klassane, og det skal ei grundig marknadsføring til før nokon vel eit emne der namn utgjer kjeldene.

Av eit årleg elevkull på 110 ved allmennfag har det vore opp til ni som har valt namnegransking. Vanlegvis vel fire-fem elevar kvart år å arbeida med namn.

Førearbeid

Førearbeidet ved skulen er vanlegvis slik: I slutten av andre klasse legg vi fram forslag til litterære, språklege og mediesentrerte særmenne som elevane skal arbeida med i haustsemesteret i tredje klasse. Mellom forslaga er person- og stadnamnegransking.

Dei som vel namnegransking, får eit kort innføringskurs i fagfeltet med mellom anna døme på korleis ein kan arbeida med namn, oversyn over lett tilgjengeleg litteratur og framlegg til arbeidsplan og disposisjon. Når arbeidet har kome i gang, følgjer vi opp kvar einskild elev med faste rettleiingsmøte fram til ei heildagsprøve i desember. I tillegg får dei ei munnleg prøve (samtale) om særmenet.

Mange års erfaring med særmenne om namn i skulen er årsaka til at vi har valt denne prosessen.

Litteratur om namnegransking

Litteraturen om namnegransking kan vera vanskeleg i startfasen. Det har vist seg at gjev vi elevane berre ei litteraturliste, vel fleire bort namnegransking som særmenne. Difor har vi laga eit kompendium der vi har med heile artiklar, delar av artiklar, utdrag frå bøker og oversyn over den lettast tilgjengelege litteraturen. Døme frå Ryghs *Norske Gaardnavne* har fleire gonger vore ei utløysande årsak til at nokon vel oppgåve om stadnamn. NG er jo gjort tilgjengeleg på nettet, og dette nyttar sjølsagt elevane seg av.

Vi saknar populærvitskapelege artiklar om namn som kan brukast både for å vekke interesse for namnegransking og som ei innføring i fagfeltet. Dette er ei oppgåve for profesjonelle namnegranskarar med undervisningspersonale i skulen som nødvendige pedagogiske konsulentar!

Kjeldegrunnlag

Som kjeldegrunnlag for personnamnstudiet bruker vi vanlegvis namna frå klasselistene ved skulen. Nokre vel også namnelistene frå Statistisk sentralbyrå, og desse lastar dei ned frå Internett <http://www.ssb.no/emner/00/navn/>. Andre vel å arbeida spesielt med førreformatoriske namn, andre igjen med såkalla motenamn.

Stadnamnmaterialet har til denne tid vore gardsnamn frå folketeljningane på 1800-talet eller gardsnamnlista frå landbrukskontoret i kommunen. Til hausten vil elevar bruka djupinnsamla namnemateriale frå to gardsbruk som kjeldegrunnlag.

Nils Steinar Våge
nilssv@viking.no

NORDISKE PERSONNAV N I ELDRE OG NYERE TID

Nordisk-russisk personnavnprosjekt

Prosjektet har oppstått som et forsøk på vitenskapelig samarbeid mellom representanter for fagmiljøene ved universitetene i St. Petersburg, Oslo og Uppsala. Initiativet ble tatt i 1999 av undertegnede, og opprinnelig var det tre deltakere, alle med russiske kunnskaper, nemlig tidligere instituttstyrer ved Nordisk institutt, Universitetet i Oslo, professor Svein Lie, avdelings sjef for Seminaret för nordisk namnforskning i Uppsala, professor Svante Strandberg, og tidligere avdelingsbestyrer og dosent ved Universitetet i St. Petersburg, fil.dr. Maria Aljoksina.

Prosjektet har fem delområder:

1. Oversikt over nordisk personnavnforskning.
2. Komparative studier av nordisk og russisk personnavnterminologi.
3. Personnavngivning i Norden – modeller og prinsipper.
4. Nordiske binavn fra vikingtiden til nåtiden.
5. Bibliografi over nordisk personnavnlitteratur.

For det meste er ingenting av dette kjent eller tilgjengelig i Russland. Derfor ble vår fremste navnegransker, professor Aleksandra Superanskaja, interessert i emnet og fungerer som russisk konsulent. Prosjektet kan være til stor nytte i Russland med tanke på både undervisning, oversettelsesvirksomhet og leksikografi. Prosjektet har støtte fra Nordisk Ministerråd for to år, startet i november 1999 og avsluttes i mai 2002 (forlenget pga. sykdomsavbrudd).

I desember 1999 var det i Uppsala et kollokvium om nordisk og russisk terminologi innenfor navneforskningen. Rapporten vil komme ut i 2001 og skal inneholde seks artikler som bygger på foredragene på kollokviet.

Bibliografien som utarbeides i forbindelse med prosjektet, inneholder så langt ca. 2000 titler. For tiden arbeider underskrevne med en samling av tilnavn der hovedkilden er en samling på 4000 økenavn på bryggearbeidere i Oslo og Stockholm.

Maria Aljoksjina
Maria.Aljoksjina@nordiska.uu.se
 St. Petersburg

ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

STADNAMNARKIVET FOR MØRE OG ROMSDAL

Bakgrunn

Stadnamnprosjektet i Møre og Romsdal vart sett i gang i 1985 etter eit samrådsmøte som vart halde i Molde hausten 1984 mellom dåverande fylkeskultursjef Eiliv Birkeland, dåverande fylkeskartsjef Olav Eines, direktør Bjørn Stave ved Møreforsking og førsteamanuensis Peter Hallaråker ved Møre og Romsdal distriktshøgskule Volda. Det var ei vidareføring av eit forprosjekt ved Møre og Romsdal distriktshøgskule Volda frå 1983. Prosjektet vart formelt avslutta i 1995 og varte såleis vart i heile 10 år. Møreforsking var prosjektansvarleg, Peter Hallaråker prosjektleiar, og Alf E. Meisingset leiar i prosjektrådet i heile 10-årsbolken prosjektet vart drive. Til saman vart det samla inn om lag 200 000 namn frå dei 38 kommunane i fylket. Prosjektet hadde ein samla kostnad på om lag 2 mill. kroner, dvs. om lag 10 kroner pr. namn, som blir rekna som svært billig. Det vart finansiert med tilskot frå Kulturavdelinga, Møre og Romsdal fylkeskommune, Statens kartverk Møre og Romsdal og Norsk kulturråd. Føremålet med innsamlinga var både av praktisk, kulturpolitisk og teoretisk karakter.

Innsamlingsmetode

Heile Møre og Romsdal fylke var innsamlingsområde, men kommune og kartblad av Økonomisk kartverk vart nytta som praktiske innsamlings-einingar. Målet var å gjennomføre ei djupinnsamling av stadnamn frå heile fylket utan å skilje mellom såkalla smånamn, dvs. namn på små lokalitetar som haugar, nes, sund og åkrar, og namn på større og viktigare lokalitetar som gardar, bygder, fjordar og fjell, ofte kalla stornamn. Det vart inngått ein skriftleg samarbeidsavtale med kvar einskild kommune som deltok i prosjektet. Ein kommunal innsamlingsleiar stod føre det praktiske arbeidet, og kommunen skulle ha originalsamlinga, medan Stadnamnprosjektet skulle ha kopi av namnelister, kart og lydassetar. Som lokale innsamlarar vart det nytta folk utan

formell sakkunnskap i stadnamngransking. Difor vart det halde innføringskurs i innsamlingsmetode i alle kommunane som ønskte det.

Det vart nytta namneskjema med faste kolonnar for fem sentrale opplysningar om kvart einskilt namn i tillegg til standardopplysningar som kartblad, informant og innsamlar:

- Eit fortløpande innsamlingsnummer for kvart registrert namn frå 1 og oppover for kvart kartblad.
- Karttilvising til vedkomande kartblad på Økonomisk kartverk ved å plassere innsamlingsnummeret i tyngdepunktet av namneobjektet.
- Ei dialekt nær skriftform skriven med vanlege bokstavar for å vise ein grov uttale (dialektskrift).
- Dialektuttale ved hjelp av lydopptak, oftast med éin lydkassett for kvart kartblad.
- Opplysningar om topografiske og kulturhistoriske tilhøve ved staden, namneobjektet.

Dei opphavlege namneskjema vart så supplerte med normert skrivemåte, fonemisk lydskrift og naturkodar av fagfolk ved prosjektleiinga. Alle namne-data som til slutt var samla på desse originalskjema, vart så dataregistrerte på pc-ar ved hjelp av eit dataprogram utarbeidd av Jørgen Amdam og seinare forbetra av Vidar Myklebust. Sjølve utfyllingsskjemaet, skjerm-biletet, bygde på eit skjema som Samarbeidsnemnda for namnegransking hadde stått føre.

Stadnamnarkivet for Møre og Romsdal

Dei om lag 200 000 innsamla namna frå dei 38 kommunane i Møre og Romsdal utgjorde namn frå 2070 kartblad av Økonomisk kartverk for fylket, men alle kartblad-områda vart ikkje like godt dekte ved innsamlinga. I 1995 hadde vi handsama fagleg og dataført 184 003 namn, 97 494 frå Sunnmøre, 27 372 frå Romsdal, og 59 137 frå Nordmøre, men seinare har det kome til fleire som så langt ikkje har vorte dataførte. Frå einskildkommunar har vi no (2000) følgjande namnemengd, og storparten er også dataført: Aukra 1251; Aure 2661; Averøy 4443; Eide 2050; Frei 1678; Fræna 5730; Giske 1610; Gjemnes 4806; Halså 2994; Haram 7045; Hareid 1530; Herøy 3795; Kristiansund 1313; Midsund 1306; Molde 5000; Nesset 5922; Norddal 4007; Rauma 3200; Rindal 7951; Sande 4973; Sandøy 2211; Skodje 3735; Smøla 2324; Stordal 2045; Stranda 6244; Sula 2239, Sunndal 8051; Surnadal 10 269; Sykkylven 10 028; Tingvoll 8513; Tustna 1934; Ulstein 1485; Vanylven 8007; Vestnes 4558; Volda 18 250; Ørskog 2441; Ørsta 15 815; Ålesund 4557, til saman 185 871 namn. Medrekna nye og utalde namn

skulle samlinga no vere over 200 000. Alt tilfang som Stadnamnarkivet for Møre og Romsdal har, både primærtilfang og kopiar, er arkivert i eit av tilfluktsromma ved Høgskulen i Volda. Arkivet er ordna alfabetisk etter kommune med ein kartong for kvar av dei 38 kommunane i fylket. Kvar kommunal samling (kartong) inneheld følgjande tilfang:

- Namneskjema med påførte opplysningar om kartreferansar, normert skrivemåte, dialektskrift, fonemisk lydskrift, opplysningar om natur- og kulturtilhøve ved staden (også koda med N-nummer og K-nummer).
- Kartblad av ØK med påførte kartreferansar for kvar namneliste.
- Lydkassetar for innlesen uttale av namna for kvart kartblad i kommunen. Som namn på lydkassetten er brukt same namnet som kartbladet, og grovt sett er det éin lydkassett for kvart kartblad. For somme finst det samlekkassetar.
- Datadiskettar for dataregistreringa, grovt sett med éin separat diskett for kvart kartblad. Som namn på datadiskettane er også brukt namnet på vedkomande kartblad.

Stadnamnbasen (databasen) for Møre og Romsdal

Av datadiskettane vart det laga samlediskettar, som vart innlasta i dataanlegget til Statens kartverk Møre og Romsdal (fylkeskartkontoret) etter avtale. Dette tilfanget er meint å utgjere ein eigen stadnamnbase for fylket, der alle opplysningane på namnelistene er medtekne, men her står mykje arbeid att. Etter avtale tok også Fylkeskartkontoret opphavleg på seg ansvaret for å digitalisere namneobjekta, men dette har ikkje vorte gjort. Interesserte kan få kjøpe kopiar av det innlasta tilfanget.

Nærleggjande oppgåver

Det synest å vere mange nærleggjande hovudoppgåver å ta fatt på, og noko er alt under arbeid. Fleire kommunar er m.a. i gang med å supplere den kommunale stadnamnsamlinga si, og dei har lånt aktuelt tilfang frå Stadnamnarkivet for Møre og Romsdal for kopiering av skjema, kart og lydkassetar. Somme kommunar har også gjeve ut stadnamnhefte for kommunen. Når det gjeld fylkesarkivet i Volda, er det særleg viktig å få dette betre ordna og supplert. Med tanke på ei modernisering av Stadnamnbasen for Møre og Romsdal er det aktuelt å overføre heile basen til eit nyare medium, dessutan å rette feil i lydskrifta og feilplasseringar på kartet av namneobjekta. Først når dette verdfulle kulturtilfanget er sikra ved innsamling, arkivering og datalagring, kan det kan vekkjast til live att på ulike måtar, ikkje minst ved gjenbruk av namna i nye funksjonar og ved publikasjonar i form av hefte, artiklar og bøker.

JERNVINNA, TERMINOLOGI OG STADNAMN

I Noreg har bruken av naturen alltid spela ei stor rolle, noko som òg vert avspegla i stadnamn. Namna har svært ofte teke utgangspunkt i serpreg ved lokaliteten. Det er ikkje berre synlege sertrekk på staden, men også bruken og ulike hendingar som kan ha gjeve opphav til namn. Når ein arbeider med jernvinna, er det serleg interessant å sjå om det er samanheng mellom kva som finst av funn og minne etter denne verksemda, og det språklege materialet. Det kan då vera nyttig å sjå på språkbruken i vid tyding.

Sidan stadnamn byggjer på ordtilfang som var i bruk ved namngjevinga, kan dei nyttast som dokumentasjon for verksemd og førekomst på den tida, føresett at dei er rett tolka. I stadnamna kan ein òg spora eldre ordtilfang som ikkje er vanleg i dag. Dinstert er det nokre skilnader mellom landsdelane. Det ser ut til at så vel råstofftilgang, sjølve arbeidet med å ta opp malm og smelting ved omnen som funn i ettertid kan ha spela ei rolle for namngjevinga.

Det er mange ord som kan ha meir enn éi tyding, andre er meir selektive. Namn på *Smed-* eller *Smie-* kan vera knytt til tilverking av ferdigprodukt, men om vi finn dei i utmark, kan det stå for sjølve jernblæstringa. Namn på *Raud-* kjem ofte frå norrønt *rauði* 'myrmalm'. I samanheng med myr kan det òg stå for raude moseartar, slik som kjøttormose og raudtorvmose (Stemshaug 1991a, s. 104). Men *Raudbles-* i Fyresdal heng klårt saman med jernvinna. *Malm-* kan òg stå for noko anna (i Sverige m.a. 'grus'), men er nokså eintydig i samanheng med *-tekt* eller *-tak*, truleg også *-myr*.

Ordet *Svart-* (*Surte-*, *Svorte-*) kan vise til malm, men kan òg sjølsagt stå for noko anna som er mørkt av farge. Når ein ser namn som *Surtemyra* eller *Surtekjelda*, er det grunn til å rekne med at fargestoff lik farga malm ligg føre. Det kan likevel ha vore bruka til både pigment for husfarging og for farging av klede. Det gjeld heilt sikkert også *lå*, jamfør *einerlåg*.

Slik finkorna malm, som ein ser i bekker og vasskjelder, har òg gjeve opphav til *Myssmør-* som første ledd i stadnamn. Likskapen med prim eller brunost er klår, mens berre *Myse-* kan tyda leirfarga vatn. *Rokko* eller *rukku* har og vore bruka for malm, truleg serleg når han ligg føre i noko som kan minne om kumøkk. *Yrkje-* i tydinga 'virke' er sjeldnare i Noreg enn i Sverige (jf. Calissendorf 1979). *Slagg-* er mykje bruka i område med nyare

industriell verksemd, medan *sinder* er det eldre ordet. Det er òg vorte til mannsnamnet *Sindre*, med ei viss tilknytning til dvergar, som var namngjetne smedar i folketrua. *Jern-* (*jarn-*, *jønn-*) er truleg eintydig, men vert òg bruka for nyare industri. Nokre stader (i Klæbu og Selbu) har det vorte mistolka og skrive som *Gjen-*. *Blæster-* (*Blester-*) står helst for smelting av jern, men serleg i forma *Blister-* kan det jamvel stå for plystring, kanskje skapt av vinden på staden. *Brenn-* kan stå for både røsting og smelting, knytt til jernvinna, men ein må rekne med at brann etter lynnedslag og kan gi slike namn. På Voss er *kråke* framleis kjent som namn på store slaggstykke (opplyst av Johannes Gjerdåker, f. 1936), medan det i skrift går attende til artiklane som Even Meldal skreiv i 1768. *Krak-* for slag er kjent også i Hauka i Midtre Gauldal (munnleg opplysning i 2001 frå Sivert Midtli f. 1928). Ein kan rekne med å finne namnet med denne tydinga også på andre stader. I denne oversikta er teke med det Rolf Falck-Muus fekk samla av namn knytt til jernvinna og det ein kan finne i bygdebøker (arkivet i Seksjon for namnegransking i Oslo er ikkje saumfart):

Raud- Nær sagt over heile landet

Malm- Serleg i Aust-Noreg

Surte- (*Svorte-*, *Svarte-*) Heile innlandet i Sør-Noreg

Myssmør- Heile innlandet i Sør-Noreg

Rokko- (*Rukku-*) Østfold, Hedmark

-lå Tinn, Singsås

Yrkje- Rogaland

Uttak: *-tekt*, *-tak* Tolga, Alvdal, Øvre Rendal, Trysil, Engerdal, Løten

Anlegg, prosess: *Blester-/Blæster-* Aust-Noreg

-blester/-blæster Alvdal, Rendalen

*Raudbles-*Telemark (Fyresdal)

Brenn- Mange stader

Smie- (*Sme-*) Mange stader

Belg- Selbu

Produkt: *Jønn-*, *jarn-*, *jern-* Mest heile innlandet

Slagg- Hedmark, Gausdal, Land, Singsås

Sinder- Telemark, Hallingdal, Numedal, Gudbrandsdalen, Setesdal

Avlko- Beitstad, Nord-Trøndelag

Kråke- (*Krak-*) Voss, Hordaland; Soknedal, Sør-Trøndelag

Ein kan sjå nyare uttrykk knytt til *Malm-* og *Slagg-* i austlege område, der jernvinna var i drift fram til 1800-talet, medan vestlege og sørlege område har halde på *Sinder-*. Det kan ha vorte endra til t.d. Sanderstølen (vanlegvis

tolka til mannsnamnet *Sander*), eit kjent hotell på høgda mellom Valdres og Hallingdal. *Avlko* om slagge fortel at dei såg likskap med den slaggen som vart danna i smiavlen (-*ko* tyder 'kvaë'). Tradisjonen for framstilling var truleg borte i Beitstad. Ola Stemshaug har synt eit kart over fordelinga av *Blæster*, både som første og siste ledd, som det er mest av i Aust-Noreg (Stemshaug 1991a:103, 1991b:127). Elles gjer han merksam på at ein ikkje har stadnamn som klårt fortel om røsting av myrmalm.

På Finnskogen finst namnet *Rotberget*, som truleg er ei fornorsking av *Rautavaara* = *Malm-* eller *Jernberget*. Falck-Muus spurde serleg etter namn på kråke, utan å få inn noko. Han nemnde ikkje *myssmør-*, trass i det kom det inn sers mange stadnamn med dette ordet som førsteledd.

Stemshaug har og sett på fordelinga av stadnamn mellom kommunane/områda Oppdal, Selbu og Singsås/Budalen (Stemshaug 1991b, s. 122). I Oppdal er det få teikn til slik smelting, truleg på grunn av lite myrterreng med danning av malm (Espelund 1999, s. 148). I Selbu–Tydal er det funne mange anlegg, men dei er berre frå tida før ca. år 600, slik at all tradisjon er borte. Likevel finst m.a. *Blæster*-namnet.

Det ser ut til at både å *smelte*, *brenne* og *blåse* (*blæstre*?) jern har vore i bruk. I Setesdal og Vest-Telemark kjem også orda "saua jarn" fram, m.a. hos Johannes Skar (1961 II, s. 125). Forfattaren har bruka mange stadnamn for å leite opp anlegg. Den største gleda var å sjå slagghaugen ved *Raudblesbekken* i Fyresdal, funne med god hjelp frå lokalt hald. Han vitnar truleg om ein ubrotten jernvinnetradisjon i Vest-Telemark frå norrøn tid til tida etter Svartedauden. Dette er i år 2000 stadfest med 14C-dateringar. Spørsmål om *Tussehaugar* i Fyresdal har også ført meg til to slagghaugar etter smelting i høg mellomalderen (på Nistogstøylen og ved Fjalebu). Ein tusse er nok namnet på ein dverg eller ein underjordisk.

Det er grunn til å konkludere med at tilfanget på stadnamn om jernvinna i Noreg er svært rikt. Det vitnar om kor omfattande verksemda var i si tid. Men det er store skilnader frå område til område.

Litteratur

Calissendorf, Karin, 1979: Linguistic Evidence for Early Iron Production.

I: Clarke (red.): *Iron and Man in Prehistoric Sweden*. Stockholm.

Skar, Johannes, 1961–63: *Gamalt or Sætesdal*. Oslo.

Stemshaug, Ola, 1991a: Stadnamn og jarnvinne. I: Stenvik, Lars F. (red.): *Arkeo-metallurgi*. Rapport Arkeologisk serie 1991–1, pp. 101–109. Vitenskapsmuseet. Trondheim.

Stemshaug, Ola, 1991b: Place Name Evidence of Bloomery Ironmaking in Norway. I: Espelund, Arne (red.): *Bloomery Ironmaking during 2000 Years*, vol. 1, pp. 116–127. Trondheim.

Arne Espelund
arne.espelund@chembio.ntnu.no

ØYNAVNET ÅVEN I RÅDE

Øynavnet *Åven* er først belagt i RB (omkring år 1400), og da i en sterkt forvansket form (”j Auon”). Ut fra uttalen /"å:ven/, og andre eldre skriftformer, er det imidlertid rimelig å tolke navnet som opprinnelig **Af-horn* (se Hoel 1985:247f). Kåre Hoel drøfter hva som kan ha vært det reale grunnlaget for dette navnet – og han ender opp med at det mest sannsynlig må være i betydningen ’avsides hjørne, avkrok’: ”Saklig sett passer det glimrende, denne garden kan vel sies å være den mest avsidesliggende ’avkrok’ i Råde.” (Hoel 1985:250). Jeg synes ikke at dette er umiddelbart innlysende. Øya *Åven* ligger ved innløpet til Krokstadjorden – og her må det ha vært betydelig båttrafikk allerede i gammel tid (innerst i fjorden ligger den gamle storgården, og kirkestedet, *Tom* – NG 1, s. 327, 337).

Dessuten tar ikke Hoel hensyn til den betydelige landhevningen som har foregått i området – øya *Åven* så nemlig svært annerledes ut i yngre jernalder. Atle Steinar Langekiehl har foretatt svært nøyaktige målinger av landhevningen i Onsøy/Råde-området – og han konkluderer med at strandlinjen gikk 4,32 meter høyere i år 800 enn i dag (Langekiehl 1999:132). Hvis vi følger femmeter-koten på økonomisk kartverk, burde vi derfor få et godt inntrykk av hvordan øya *Åven* så ut i yngre jernalder (merovingertid) – og det er vel ikke urimelig å anta at navnet er fra omtrent denne tiden.

På vedlagte skisse har jeg gjort nettopp dette, og vi kan merke oss flere ting: (hoved)øya *Åven* skrumper betraktelig inn – Hestholmen, Husholmen og Grindholmen blir (som navnene tilsier) ekte holmer – og vi får en navnløs øy mellom *Åven* og fastlandet.

Dette siste er viktig – og jeg tror at løsningen på navnet *Åven* ligger nettopp her. Jeg vil nemlig postulere følgende: Hovedøya *Åven* het opprinnelig **Horn* (om det var et nes eller et høydedrag som var navngivende, vet jeg ikke, men jeg heller til det siste – merk det forholdsvis høye og bratte høydedraget i sørvest). Den lille øya mellom **Horn* og fastlandet hang delvis sammen med **Horn* (en kunne vade, eller kanskje tilmed gå tørrskodd over, når det var fjære sjø), og denne (halv)øya fikk det passende navnet **Afhorn*. Paralleller til dette finnes mange steder – merk f.eks. forholdet mellom gårdene Lunde og Avlund i Østre Gausdal: ”*Aflundr* kunde betyde: en adskilt, noget borteliggende Del af Gaarden *Lundr*” (NG IV,1:187 – jf. ellers omtalen av navn med *Av-* i NSL:82).

Etter hvert som landet steg, vokste **Horn* og **Afhorn* sammen til én øy, og **Afhorn/Åven* overtok nå som navn på hele (den nye) øya. At det ’mindreverdige’ navnet vant, skyldes nok to forhold: For det første så var det mer distinktivt, og for det andre så var det utvilsomt mer brukt: Sundet mellom øya og fastlandet hadde lenge hatt (og har fortsatt) navnet *Åvensund* – og dette sundet har vel vært farbart for mindre båter langt opp i historisk tid.

Litteratur

Hoel, Kåre, 1985 *Studier over bustadnavn fra Østfold*. Universitetsforlaget.
 Langekiehl, Atle Steinar, 1999: Isostasi, eustasi og klimaendringer. Strandforskyvningens bakgrunn. *Viking*. Bind 62 (1999).

NG = *Norske Gaardnavne. Oplysninger samlede til Brug ved Matrikelens Revision*. Bind 1–18. *Forord og Indledning*. Utg. Oluf Rygh m.fl. Kristiania 1897–1924.

NSL = *Norsk stadnamnleksikon*. 4. utg. 1997. Red. Jørn Sandnes og Ola Stemshaug.

Frode Korslund
frodekorslund@yahoo.no

GARBORG OG LABRÅTEN – MÅL OG NAMN

I grannelaget til Garborg-heimen på Labråten, Hvalstad i Asker, budde det kring førre hundreårsskiftet fleire målfolk. At det budde målfolk i området, gav seg utslag i namnebruken på staden. Kjært barn har mange namn, heiter det gjerne, og det gjeld òg målmiljøet kring Labråten. Eg har notert desse namna: *Målbakken*, *Måldalen*, *Målkroken* og *Svolkopp*.

Målbakken

Steffen Gausemel skreiv i boka om Rasmus Steinsvik (1937): ”Eit par år etter giftarmålet kjøpte dei [dvs. Marta og Rasmus Steinsvik] seg ”gard” ved Hvalstad i Asker. Her i ”Veslelia” budde dei i mange år, med Arne Garborg til næraste granne. Steinsvik selde ein tredjedel av ”garden” sin til Garborg og ein tredjedel til Ivar Mortensson. Det var i den tida staden vart omdøpt til *Målbakken*.” (s. 160)

Måldalen

Olav Midttun skreiv om Rasmus Løland i etterordet til *Lølands Skrifter i samling IV* (1942): ”I 1904 kjøpte han [dvs. Løland] eit lite hus på Labråten i ”Måldalen” ved Hvalstad, attmed Garborg, Steinsvik og målaren Otto Valstad.” (s. 331)

Målkroken

Kitty Wentzel har i boka *Fra mitt livs karusell* (1960) ein bolk som heiter ”Målkroken”. Ho fortel: ”Omkring århundreskiftet kom Hulda Garborg inn i mitt liv. Hun ble min gode kamerat til det siste. [..]

Garborgs ble bofaste midt nede i Hvalstadbakkene. Labråten het stedet offisielt, men populært ble det kalt Svolkopp. Det var Rasmus Steinsvik, redaktøren av målavisen *Den 17de Mai*, som kjøpte hele eiendommen omkring 1898 og delte den mellom seg selv, Ivar Mortensson-Egnund og

Garborg. Garborg fikk hovedbølet med de gamle, opprinnelige husene, hovedbygningen med haven ned mot gamle Drammensveien. Innenfor lå tunet med et lavt og langt rødmalt uthus på den ene siden og den enetasjes Gamlestuen vis à vis. Her fant senere den stillferdige, fine kunstneren Rasmus Løland et blivende sted. [..]

At stedet hvor denne lille kolonien slo seg ned og Garborg heiste det gamle norske flagget med gult kors på rød bunn fikk navnet Målkroken, sier seg selv. Festlige og verdifulle mennesker var de alle – ikke bare de fastboende, men alle man traff i det alltid gjestfrie Labråten hos fru Hulda. Med Garborg var det iblant en annen sak, for han foretrakk oftest ensomhet med arbeidsro og stillhet fremfor selskapelighet og prat.” (s. 117–118)

Svolkopp

Kitty Wentzel nemner Svolkopp. I nærleiken av Labråten var det ein bustad som heitte Svolkopp (Svolk-opp). Svolkopp har såleis ikkje beinveges noko med Labråten å gjera, men Labråten kan sjølvsagt humoristisk ha vore omtala som Svolkopp. I boka har Kitty Wentzel prenta eit brev frå Hulda Garborg. Hulda har skrivne under brevet med namnet ”Mor Svolkop”. (s. 132). Målmannen Henrik Rytter budde ei tid i Svolkopp-heimen. Svolkopp låg i ein bakke, og her måtte køyrekareren av og til bruke svolken på hesten, av den grunn er namnet *Svolk-opp* kome (opplyst av Hans Eivind Garborg). Det er i alle fall den folkelege forklaringa på namnet.

Gudmund Harildstad

gudmund.harildstad@inl.uio.no

HURPERUD OG CURLAND

Mange bygningar, gater og plassar har hatt tilnamn av ymse slag, slik òg i Oslo. I boka ”Lek med minner” av Eli Krog finn ein namnet *Hurperud*. Eli Krog fortel: ”Bygdøy allé 11 [..] lå rett overfor ”Hurperud” – det populære navnet på den store bygningen som var hjem for gamle damer. Det offisielle navnet var Mogens Thorsens Stiftelse.” (s. 7). Eit anna populært namn frå hovudstaden er å finne i boka om Ludvig Daae av Wilhelm Munthe. Munthe fortel at Ludvig Daae gav Bernhard Dunker tilnamnet ”den hellige Bernhard av Curland” (etter Bernhard av Clairvaux). – ”Curland var den tids navn på strøket i Karl Johans gate”, fortel Munthe. (s. 144)

Kjelder:

Krog, Eli: Lek med minner. Oslo 1966.

Munthe, Wilhelm: Professor Ludvig Daae. Oslo 1944.

Gudmund Harildstad

BOKOMTALAR

NORSKE GÅRDSNAVN PÅ *-BY* OG *-BØ* MED PERSONNAVNFORLEDD

Tom Schmidt: Norske gårdsnavn på *-by* og *-bø* med personnavnforledd. Del 1 + Del 2. Det historisk-filosofiske fakultet, Universitetet i Oslo. (Series of dissertations submitted to the Faculty of Arts, University of Oslo, No. 87.)

Dette er tittelen på Tom Schmidts doktoravhandling, som han la fram og forsvarte ved Universitetet i Oslo i 2000. Avhandlinga er trykt i serien Acta Humaniora (nr. 87) på Unipub forlag, og består av eit hovudband på 620 sider og eit vedleggsband med tabellar o.l. på 146 sider.

Hovuddelen av boka er eit nesten 400 sider langt kapittel der Schmidt drøftar dei aktuelle namna eitt for eitt, 223 gårdsnamn på *-by* og *-bø(en)* der forleddet *kan* vere eit personnamn, med tanke på datering og tolking. I tillegg til å dekkje heile Noreg har han òg med Båhuslen, rimeleg nok sidan namna stammar frå den tida da dette landskapet var norsk (men Jämtland og Härjedalen er ikkje med). Hovudtendensane i gjennomgangen er at det er færre av desse namna som faktisk har personnamnforledd enn ein har rekna med, at dei ofte har høg alder (i alle fall tilbake til vikingtida), og at kjerneområdet for namnetypen er Østfold og Båhuslen, mens dei finst meir spreidd utover landet elles. Drøftinga av enkeltnamna er omfattande og solid, og dreg inn all tilgjengeleg kunnskap om dei språklege, geografiske og agrarhistoriske forholda som kan vere relevante for namnetolkinga.

Rundt denne kjernen ligg det meir allmenne drøftingskapittel. Først tek Schmidt for seg sjølve ordet og namneleddet *by/bø*, og drøftar etymologi og tydingsutvikling på bakgrunn av den eksisterande faglitteraturen. Så gir han eit oversyn over den geografiske fordelinga av namnetypen i Norden og dei gamle nordiske koloniane. Det siste har særleg interesse fordi desse namna er vanlege i England, og det er ein av konklusjonane til Schmidt at dette *kan* tyde på eit sterkare innslag av nordmenn, og særleg østfoldingar, i den nordiske koloniseringa av Aust-England ("Danelagen") enn ein har trudd. I Danmark er namnetypen langt sjeldnare enn i Østfold. (Men det er ikkje irrelevant her at Østfold og Båhuslen i vikingtida låg under Danmark.)

Etter eit stutt metodekapittel kjem hovuddelen, og etter den kjem to kapittel der Schmidt samlar trådane. Først grupperer han namna etter kriteria geografi og forleddstype (samansett vs. ikkje samansett namn, manns- vs. kvinnenamn). Deretter jamfører han namna på *-by* og dei på *-bø* og *-bøen* etter dei same kriteria, og dreg òg inn skilnaden på tydingane ”gard” (vanleg i den aktuelle perioden) og ”dyrka område, teig, eng” (særleg på Vestlandet, som òg er kjerneområdet for namn på *-bø*, *-bøen*). Det heile blir avslutta med eit stutt samandrags- og konklusjonskapittel.

Lars S. Vikør
l.s.vikor@inl.uio.no

DANSKE FØRE- OG ETTERNAMN

Georg Søndergaard: *Danske for- og etternavne. Betydning, oprindelse, udbredelse*. Askholms Forlag. U.å.

Det må seiast å vera ein nokså nærliggjande tanke å samla dei to hovudgruppene personnamn, førenamn og etternamn, mellom to permar slik Georg Søndergaard har gjort i dette oppslagsverket. Han har slege saman namnebøkene *Danske fornavne* (1982) og *Danske efternavne* (1985) i eitt band på ca. 350 tospalta sider, altså slett ikkje så omfangsrikt og uhandterleg som ein kanskje skulle venta. Innhaldet er ajourført og ”grundigt bearbejdet” i denne nytgåva.

Boka har tre hovuddelar. Fyrste delen er ei fyldig innleiing om personnamn i Danmark spesielt og Vest-Europa generelt, med vekt på emne som kulturhistorisk utvikling, typologi, namnefunksjonar, primitive namneførestellingar, dansk lovgjeving, o.a. Kart og statistikkar illustrerer framstillinga. Til slutt finn vi ei liste over dei 100 vanlegaste etternamna i Danmark, frå *Jensen* med 317 759 berarar og ned til *Damgaard* med 3101 berarar. Ikkje noko land i Europa har eit så einsarta namnetilfang som Danmark, og det syner denne statistikken tydeleg. Heile 6 % av alle danskar heiter *Jensen*, og dersom vi legg til *Nielsen* (309 120) og *Hansen* (260 274), har vi fanga opp mest 17 % av alle danskar! Til samanlikning har *Hansen* på 1. plassen i Noreg berre 61 433 berarar. Denne statistikken er ikkje datert, men så vidt eg kan sjå, må tala vera frå 1999.

Av litteraturlista ser me at Søndergaard har arbeidd med personnamn i mange år. Innleiinga er ei god innføring i namnekunnskap også for namneinteresserte i dei andre nordiske landa, og språket treng ikkje skræma

nokon. Boka er skriven for allmennmarknaden, og både språk og framstilling elles er tilpassa denne mottakargruppa.

Førenamn fyller den andre hovuddelen på ca. 65 sider med om lag 1000 namn. I innleiinga til denne delen vert det sagt at lista inneheld ca. 7000 namn, medan det står 1000 på det bakre omslaget. Ei overflatisk teljing syner at det siste talet må vera det rette. I namneartiklane finn me opplysningar om tyding og opphav, popularitet og historisk utbreiing og utvikling, i tillegg til opplysningar om kjende personar når det er aktuelt. Namnedagar er sette til. Oppføringane er lettleslege både typografisk og språkleg og inneheld det meste av det stoffet ein lesar vil leita etter.

Det er tydeleg at utvalet av førenamn ikkje byggjer på nyare statistiske oversyn over namnebruken i Danmark, fordi frekvente innvandrarnamn er ikkje tekne med, med eitt unntak, *Mohamed*, som merkeleg nok ikkje er forklart trass i fyldige opplysningar elles, og det er heller ikkje vist til etternamnet *Mohamed* s. 245, som rett nok berre har opplysninga ”arabisk mandsnavn”. I denne delen vil ein norsk lesar av og til stussa ved nokre av kommentarane. Under oppføringa *Egil* står det ”islandsk/færøsk” i parentes etter nordisk, men namnet er faktisk svært vanleg her i landet òg. Liknande unøyaktige geografiske avgrensingar finst fleire stader, m.a. under *Einar* (”islandsk”), *Frode* (”dansk”), *Kåre* (”islandsk”), *Rune* (”svensk”) o.a.

Mannsnamnet *Einar* er oppført med dei vanlege opplysningane, men like etter kjem forma *Ejnar* i ein eigen artikkel utan tilvising til namnet ovanfor. Om *Ejnar* får me berre historiske opplysningar som er avslutta med kommentaren ”spiller ingen rolle i nutidens navngiving”. Slik namnet er oppført, vil lesaren lett tru at *Einar* og *Ejnar* er heilt ulike namn, medan dei faktisk er to former av same namnet. *Ejvind* er oppført med ”betydning uvis”, medan *Norsk personnamnleksikon* (NPL) fører det opp som sideform av *Øyvind* der også tyding er nemnd. Forfattaren forklarar *Arild* som ei form av *Arnold*, men nemner ikkje at det også kan vera utvikla av *Harald*. Fleire andre stader er det sprik mellom opplysningane og NPL. Søndergaard seier ”sandsynligvis nordisk” om *Ivar* og ”betydning usikker”, men NPL fører det attende til norrønt *Ívarr* med tydingsframlegg. Sprik er det også i forklaringa av *Baard*. Til slutt i denne delen er alle (?) førenamna lista opp samla med frekvenstal, frå *Abelone* 1120 til *Åse* 1090, men det vert ikkje sagt kva år tala er frå. Av ein eller annan grunn står ikkje *Mohamed* i denne lista, trass i den store utbreiinga i muslimske innvandrargrupper.

Den siste delen er den mest omfattande, to tredelar av boka eller 200 sider med ca. 10 000 etternamn, like mange som i den opphavlege *Danske efternavne*, med vekt på tyding, opphav, historisk utvikling og utbreiing. Kjende personar er stundom nemnde. Frekvenstala står i parentes, t.d.

Mohamed (1190), *Dehli* (60), *Birkeland* (30). Disse tala er ajourførde frå den førre utgåva med tal frå 1971, men det står ingenstad kva år dei nye tala gjeld. Dersom vi slår etter i Billesø: *20.000 slægtsnavne i Danmark* (1999) med tal frå 1999, finn me *Mohamed* (1188), *Dehli* (88) og *Birkeland* (55), altså klare avvik for to av namna. Vi finn såpass store avvik også for andre namn i dei to bøkene at det er sanneleg ikkje lett å verta klok på når statistikken er frå. *Dehli* er både i denne utgåva og i den fyrste kategorisert som "fremmed slægtsnavn", men med eit tillagt ? i den nyaste. Namnet fell i form saman med det norske *Dehli* (301, tal frå 1993), og dersom ein ikkje hadde andre opplysningar, skulle ein utan vidare tru at namnet hadde norsk opphav. *Birkeland* er oppført som "norsk slægtsnavn", men typen gardsnamn er ikkje nemnd. Søndergaard kallar *Djurhuus* eit "oprindeligt norsk" slektsnamn, men ikkje verre eg veit, har det opphav i eit jysk gardsnamn. Namnet er særleg utbreidd på Færøyane. Nytt var det for meg at *Bergenser* er eit dansk slektsnamn! Søndergaards forklaring ser rimeleg ut: "norsk tilnavn 'person fra Bergen'". Så vidt eg veit, er *Bergenser* ikkje nytta som etternamn her i landet.

Etternamn av ulike typar tilnamn eller førenamn er i regelen forklarte med språkleg opphav, av typen *Blumensaadt* "tysk tilnamn 'blomsterfrø' ", men det gjeld ikkje etternamn av stadnamn. Denne store gruppa både danske og tyske namn er berre kategoriserte som "dansk stednavn" eller "dansk gårdnavn" eller "tysk stednavn". Ein lesar som gjerne vil kjenna det etymologiske opphavet, må gå til stadnamnlitteraturen, som Bent Jørgensens *Stednavneordbok* (1994). Oppslagsverket er såleis ikkje noko gjennomført etymologisk leksikon over danske etternamn. Også i denne delen finn me illustrerande kart, som viser den geografiske utbreiinga av etternamn som Larsen, Sørensen o.a.

Danske for- og efternavne er ei påkosta og vakker bok som forfattaren kan vera vel nøgd med. Vi veit at det er ganske stor overlapping mellom norske og danske namn, både førenamn og etternamn, og det burde tilseia at dette oppslagsverket ikkje er utan interesse for norske lesarar.

Olav Veka
veka@online.no

SVENSKE NAMNEDAGAR

Eva Brylla (red.): *Namnlängdsboken. Historien bakom namnen i almanackan utgiven av Namnlängdskommittén*. (Skrifter utgivna av Svenska språknämnden 83.) Norstedts Ordbok. Stockholm 2000.

I 1988 tok Almanakkforlaget i Noreg initiativ til å få etablert ei namnedagsrekkje i Noreg, og Kristoffer Kruken ved Seksjon for namnegransking utarbeidde då, i samarbeid med dei andre tilsette ved seksjonen, ei namnerekkje på 386 kvinnenamn og 383 mannsnamn fordelt over heile året, dels på grunnlag av namnedagane som hadde stått i almanakken fram til dei vart avskaffa i 1911, dels på grunnlag av namnestatistikk kombinert med historiske tilhøve, og dels etter inspirasjon frå Sverige. Nettopp Sverige, som har lang tradisjon med å feira namnedagar, var det som fyrst og fremst inspirerte Noreg og Almanakkforlaget til ei nyetablering av namnedagar. Svenskane har då òg gjeve ut fleire namnerekkjer, og den siste kom i 2000, publisert i *Namnlängdsboken* under redaksjon av Eva Brylla. Den aktuelle bakgrunnen er at det frå og med 2001 er innført ei ny namnerekkje i dei svenske almanakkane. Det heng i sin tur saman med at det hadde rådd ein viss uorden i den svenske namnedagsfeiringa etter som fleire namnedagsrekkjer har vore lanserte meir eller mindre fritt. Den nye namnerekkja er sett opp av eit breitt fagleg utval med representantar frå Svenska Akademien, Vetenskapsakademien, Vitterhetsakademien, Språk- og folkminnesinstituttet, Svenska språknämnden og dessutan forlag som gjev ut almanakkar. Såleis bør denne rekkja ha gode sjansar til å verta kanonisert.

Namnlängdsboken gjer greie for bakgrunn og prinsipp for den nye namnerekkja, og ein kan lesa om korleis nye namn har kome til, korleis andre er strokne eller flytte, om tidlegare namnerekkjer og om namnedagar i kyrkjeleg og folkeleg tradisjon. Redaktøren har skrive om namnerekkja i almanakken i dei siste hundre åra. Gustav Edström har teke for seg namnedagar i andre land, Bengt af Klintberg og Lotten Wesslén har skrive om namnerekkjer i kyrkjeleg og folkeleg tradisjon, og Birgitta Lindgren om plasseringa av namn til ulike tider. Til slutt kjem oversyn over namna etter dato og i alfabetisk rekkjefylgje samt statistikk over dei vanlegaste førenamna i 1999. Det er ei solid og samstundes hendig bok over namnedagane svenskane kan gle seg over. Ho bør ha interesse for resten av Norden òg.

Botolv Helleland
botolv.helleland@inl.uio.no

TYSKARAR OG FORNAMNA DEIRA

Med boka *Die Deutschen und ihre Vornamen. 200 Jahre Politik und öffentliche Meinung* (463 sider) har dei to historikarane Michael Wolffsohn og Thomas Brechenmacher vist at fornamn er godt eigna til å avspegle

tidsånda i forskjellige historiske epokar. Boka, som vart utgitt i 1999 på Diana Verlag (München – Zürich), er resultatet av eit stort opplagt namneprosjekt som har gått føre seg på 1990-talet i München. I dette prosjektet har forfattarane hatt med seg medarbeidarar som dekker mange felt, frå litteraturvitskap til statistikk. Når det gjeld spesifikt namnefaglige spørsmål, har den kjente namneforskarer Wilfried Seibicke vori ei solid støtte. Alt i alt dokumenterer boka at personnamngransking med rette kan karakteriseras som eit tverrfaglig forskingsfelt.

Ettersom forfattarane Wolffsohn og Brechenmacher er historikarar, er det naturleg nok det historiske aspektet som dominerer i framstillinga. Det er nettopp her styrken i boka ligg – at enkeltnamn og namnetypar blir sett inn i ein brei historisk samanheng og tolka på bakgrunn av politiske, sosiale og kulturelle forhold i samtida. Over eit tidsrom på 200 år (frå den franske revolusjonen til 1990) får vi innsyn i korleis fornamn kan bidra til å kaste lys over tysk historie, særleg mentalitetshistorie.

Boka inneheld til saman 11 kapittel. Det mest omfattande kapitlet er kap. 4 som tek for seg forholdet mellom ”Bayerisch-deutschen Politik” og namngiving på 1800-talet, bl.a. populariteten til kongenamna *Maximilian* og *Ludvig*. I kap. 5 er hovudvekta lagd på namngiving i forhold til sekularisering og sosiale forhold på 1800-talet, t.d. namn på barn av ugifte mødrer. Av særleg interesse er det lange kapitlet om namngiving i nazi-Tyskland (kap. 7). Deretter kjem det to kapittel som gjeld fornamn i etterkrigstidas Tyskland – det eine om Vest-Tyskland og det andre om Aust-Tyskland.

Det namnematerialet som forfattarane bygger på, er hovudsaklig teki frå München. For 1800-talet har den viktigaste kjelda vori dåpslister. Slike lister er svært nyttige i namneundersøkingar. I tillegg til viktige opplysningar om foreldra, t.d. namn, yrke og sosial status, får vi også veta namnet på fadrane. I Noreg har historikarane teki initiativet til å leggja til rette folketeljingar frå 1800-talet for EDB-basert gransking (folketeljingar frå bl.a. 1801, 1865 og 1875). Dette materialet har også personnamnforskarar hatt glede av. Men dåpslister (jf. det tyske materialet) er enda betre eigna til å få innsyn i ulike forhold som har verka inn på namngivinga, og ein kunne ønskt seg at også dåpslister vart overført til datalagra medium, t.d. ved eit samarbeid mellom historikarar og namnefolk i Noreg.

Sjølve ryggraden i det tyske materialet er folkeregisteret for München pr. 31.12. 1994. Frå dette registeret har forfattarane teki ut namnedata for dei som er fødd i perioden 1890 til og med 1990 (til saman ca. 1.1 mill. namneberarar). Nesten halvparten av namneberarane er fødd i Bayern (27 % i München og 26 % elles i Bayern), og resten, dvs. 47 %, er innflyttarar

frå andre delar av Tyskland. Forfattarane har også trekt inn namnetilfang frå andre undersøkingar, t.d. namnestatistiske rapportar frå DDR (perioden 1960–90).

I namneundersøkingar kan klassifiseringa av namn ofte by på problem. Her har forfattarane eit heldig grep og opererer med klasser som synes fruktbare for formålet deira. Dette gjeld t.d. klassene *tradisjonelle namn* og *innovative namn*. Med utgangspunkt i desse namneklassene kan ein t.d. få ein indikasjon på i kva grad eit samfunn på eit gitt tidspunkt er prega av tradisjon, ev. modernitet.

Som forfattarane er inne på, kan fornamnsvalet til foreldra oppfattas som ei slags form for meningsytring, og det er nok på denne bakgrunnen vi skal forstå ”öffentliche Meinung” i undertittelen på boka. Særlig verdifulle blir da ”meningsytringar” frå fjernare tider, t.d. på 1800-talet, da vi ikkje hadde meningsmålingar til å vise kva folk flest meinte om ulike politiske, sosiale og kulturelle spørsmål i samtida. Eit godt døme på slike ”meningsytringar” er namnet *Adolf* som vart svært populært etter Hitlers maktovertaking i 1933, men under krigen gjekk namnet sterkt tilbake, og i det siste krigsåret var det nesten ingen tyske foreldre som gav sonen sin namnet *Adolf*. Ei anna interessant ”meningsytring” – og frå eit anna totalitært regime – er det store innslaget av engelske fornamn i DDR, med 16 % i 1985 mot 7 % i Vest-Tyskland (1990). Totalitære regime har som kjent ikkje særlig sans for å arrangere meningsmålingar, men namngivinga kan altså oppfattas som ei slags form for meningsmåling. I så måte er det avslørande at DDR-borgarane ofte valde engelske namn på sine håpefulle (over det dobbelte av det vesttyskarane gjorde), og at namn frå den store sosialistiske bror i aust (som *Ivan*, *Boris* og *Leonid*) hadde lita tiltrekkingskraft.

På 1980-talet har jødiske namn vorti svært populære i Tyskland (*Sarah* ligg såleis som nr. 2 på topplista for 1988–89), og forfattarane stiller spørsmålet om dette kan tolkas som utslag av ”Wiedergutmachung” etter overgrepa mot jødane under nazi-Tyskland. Men det er nok rettare – som forfattarane gjør – å sjå oppblomstringa av dei jødiske namna på 1980-talet i lys av ein allmenn internasjonaliseringstrend i det tyske samfunnet. Det er nemlig ikkje berre jødiske namn som har sterk framgang, men også andre utanlandske namn. I denne samanhengen kjem dei også inn på det paradokset at bibelske namn (som *Tobias*, *Jonas*, *Daniel* og *Simon*) har vorti populære i ei tid da kyrkjebenkane står nesten tomme. Dette er som kjent ein namnetrend vi også har kunna registrere i Noreg på 1990-talet.

Noko av namnetilfanget (både enkeltnamn og namnetypar) blir presentert i figurar som på ein fin måte får fram samanhengen mellom namnepopularitet og historisk epoke. Av spesiell interesse frå eit nordisk synspunkt er

popularitetsutviklinga for dei nordiske namna i Tyskland. Ein kan registrere ein gradvis auke for desse namna – frå litt under 1 % i 1900 til 5,8 % i 1932. Deretter kom det ein sterk auke frå 1933 (jf. Hitlers maktovertaking dette året) og fram til 1940, da det var nøyaktig 10 % som hadde nordiske namn. Deretter gjekk dei tilbake – til 6,1 % i 1945. Som forfattarane peiker på, er det enkelt å forklare den raskt aukande populariteten for dei nordiske namna etter Hitlers maktovertaking: det nazistiske svermeriet for Norden. Det er derfor heller ikkje overraskande at dei nordiske namna etter krigen hørte med i gruppa av ”nationalsozialistisch belastete Vornamen” (s. 242). Noko overraskande er det å lesa at det var enkelte nordiske namn som det ikkje var tillati å bruke i nazi-Tyskland. Namna måtte nemlig vera i samsvar med tysk språkkjensle, og eit namn som *Ragnhild* vart på dette grunnlaget avvist av Innanriksministeriet i 1938. Derimot var det uproblematisk å bruke namn som *Helga*, *Karen*, *Ingeborg*, *Harald* og *Olaf*. *Helga* kom til og med så høgt som på 2. plass på topplista for München (1933–45), og like etter følgde *Ingeborg* (nr. 4) og *Ingrid* (nr. 7).

Ifølgje forfattarane er *Die Deutschen und ihre Vornamen* den fyrste boka i sitt slag, og dei etterlyser tilsvarande bøker frå andre land: ”Vielleicht, hoffentlich, erscheinen irgendwann vergleichbare Bücher über ”die Franzosen”, ”die Amerikaner” oder andere – ohne Klischees und billige Verallgemeinerungen [...]” (s. 13). Ja, også for Noreg burde det skrivas bøker av denne typen, men eg vil for ordens skyld nemne at det ligg føre stuttare arbeid som kjem inn på forholdet mellom namngiving og sosiokulturelle forhold i samtida, t.d. den interessante artikkelen ”Personnavn og tidsånd” av Eli Fure i *Namn og Nemne* 7 (1990).

At den tyske boka også har meir allmenn interesse, viser seg ved at boka vart omtalt i *Der Spiegel* (nr. 11, 1999, s. 284–285). Journalisten har her brukt denne spissformuleringa i overskrifta: ”*Stalina und Hitlerike. Eine neue Studie beweist: Die Deutschen sind bei ihrer Namensgebung Sklaven des Zeitgeists.*” Det er å ta noko hardt i å seia at tyskarar ved namngivinga si viser at dei er ”slavar av tidsånda”, men noko meir balansert kunne det seias at fornamna – hos tyskarane såvel som i andre folkeslag – er eigna til å vise nokre av dei haldningane folk har til kulturelle, politiske og sosiale forhold i samtida.

Gulbrand Alhaug

gulbrand.alhaug@hum.uit.no

AGDERS HISTORIE

Torbjørn Låg: *Agders historie 800-1350*. Kristiansand 1999. Utgivar:

Agder Historielag, Kristiansand.

Dette er eit regionalhistorisk verk på 500 velskrivne sider, av historikaren Torbjørn Låg. Boka utgjer eitt av binda i serien *Agders historie*. Gransking av stadnamn har ein sentral plass i store delar av innhaldet, og boka fortener derfor å bli kjent for norske namnegranskarar. Allereide i innleiinga, der forfattaren greier ut om kjeldene, blir det slått fast at stadnamna, ved sida av arkeologisk materiale, er den viktigaste kjelda til vår forhistorie. Eit kapittel med tittelen "Busettingsutvikling i vikingtida" (:52-107) er sterkt fokusert på stadnamn. Side 57 har eit kart som viser fordelinga av gardsnamn på *-land* i dei to fylka. Av dei om lag 2000 norske *land-gardane* høyrer 700 heime på Agder; meir enn 500 finst i Vest-Agder. Ved å studere gardsnamntypar saman med gardsgrenser kan ein i denne landsdelen få svært gode haldepunkt for den relative busettingsutviklinga. Det skuldast at Agder har eit opphavleg og alderdomeleg system av gardsgrenser. Alt land har frå gammalt av vore oppdelt. Allmenningar finst ikkje. Døme på gardar og grensesystem er vist ved hjelp av fleire instruktive kart, og denne situasjonen dannar så grunnlaget for ei rekke gode, retrospektive analysar.

I kapitlet om jordbruket i høgmellomalderen er lokale teignamn tekne med i drøftinga. Eit kart over innmarka på garden Sangvik i Søgne er vist på side 208, der det er notert over 100 innmarksnamn. Sidene 255-262 har overskrifta "Gardnavna forteller", der forfattaren ser på nokre gardsnamntypar han meiner skriv seg frå høgmellomalderen. Det gjeld mange gardsnamn på *-hage*, *-hus*, *-stu* (<*stofa*) og *-støl*. Forfattaren reknar med at appellativet 'støl' ikkje var i vanleg bruk på 15-1600-talet, og at dei fleste *støl-gardsnamna* må vere eldre (:258-259). Dei skulle då vere like gamle som dei austlandske *rud-namna*.

Noko som er særskilt for Agder, er at sentralmaktene var lite til stades i høgmellomalderen. Me har få teikn til storgodsdanningar. Dei fleste bøndene var sjøelveigarar. Desse realitetane er ei forklaring på korfor der finst så få mellomalderbrev frå Agder. Det sparsame tilfanget av skriftlege kjelder vil lett føre til den konklusjonen at kjeldesituasjonen her er kleinare enn andre stader. Torbjørn Låg vil ikkje utan vidare vere med på dette. Det som først og fremst kjenneteiknar kjeldesituasjonen på Agder er at han er spesiell. I denne delen av landet er 'stadnamn + gardsgrenser' av ein slik karakter at dei er i stand til å kaste eit særskilt godt lys over busetnaden i eldre tid. *Agders historie* av Torbjørn Låg vil heilt sikkert bli ståande som eit glimrande døme på korleis stadnamn kan ha nytte i historieforskinga.

Vidar Haslum

vidar.haslum@nor.uib.no

BIDRAG TIL NORSK ALMENNINGSRETT

Lorents Rynning: *Bidrag til norsk almenningsrett* V. Manuskript utg. ved Paul Emil Rynning, Oslo 2001. Egen utgivelse. 538 + xvi s. Pris kr 500.

Første bind av Lorents Rynnings verk om allmenningsretten ble utgitt av Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo i 1934, og det tok for seg ”Almenningsrettens begrep”, ”Almenningsbegrepet” og ”Allemannsrettigheter og særrettigheter i almenning”. Bind II – IV forelå som nærmest fullt ferdige manuskripter da forfatteren døde i 1962, og de utgitt av sønnen Paul Emil Rynning med støtte fra Norges almenvitenskapelige forskningsråd i 1968. Bindene drøfter først og fremst ”Rettsstilstanden etter de gamle norske lovene”, men under denne overordnede tittelen beskrives også landnåmet bygd for bygd gjennom hele landet. Det femte og avsluttende bindet, som nå er utgitt privat, er ifølge forordet ”en systematisk undersøkelse av hvilke ord, steds- og gårdsnavn [...] som kan knyttes til almenningsbegrep og almenningsforhold, og som kan fortelle noe om disse i eldre tid”. Manuskriptet var under omarbeidelse da Rynning døde, men utgiveren har så langt som mulig presentert stoffet slik forf. ifølge en rekke håndskrevne marginaler og notater synes å ha ønsket. I tillegg er det utarbeidet register over ca. 5000 ord og navn.

Lorents Rynnings verk gjelder primært allmenningsretten og de juridiske forhold som knytter seg til den, men verket er også viktig for navneforskningen – ikke minst som materialsamling –, da forfatteren i stor grad bygger sine konklusjoner på studier av navn – så vel gårdsnavn som seternavn og en rekke naturnavn som forteller om grenser og utnytting av utmarka.

Tom Schmidt

tom.schmidt@inl.uio.no

HELSINGFORS GATUNAMN 3

Helsingin kadunnimet 3. Helsingfors gatunamn 3. Gummerus Kirjapaino Oy. Helsingfors 1999. 301 sider.

Helsingfors har no fått bok nr. 3 om byens gatenamn. Boka har 1999 som trykkeår, men namnekomiteen (Ann-Marie Wangel, Leena Arkio-Laine, Jyrki Lehikoinen, Matti Oja, Gunilla Harling-Kranck, Eeva Maria Närhi og Juhani Railo) har signert føreordet i 1996. Dei to fyrste bøkene kom i 1969 og 1979. Helsingfors har heile 8000 namn på gater, plassar, torg o.l., og av desse er 1300 gjevne i perioden 1979-1995. I den siste boka vert desse

omtala, i tillegg til sju signerte artiklar om namngjeving og namnetypar. Alt stoffet er skriva på både finsk og svensk. Boka har dessutan eit komplett namneregister med tilvising til kva for band dei einskilde namna er omtala i. Mange fine fotografi og kartutsnitt gjer det triveleg å bla i *Helsingfors gatunamn*. Atter eit døme på den namnefaglege kvaliteten innan offentleg stadnamnrøkt i Finland. Og den gjennomførte tospråklege framstillinga burde vera eit mønster for andre språkløyvde samfunn.

Botolv Helleland
botolv.helleland@inl.uio.no

DEN STORE NAVNEBOG

Eva Villarsen Meldgaard: *Den store Navnebog*. Aschehoug. Dansk Forlag. København 2001. 292 sider.

Dersom ein ser på ei litteraturliste over danske førenamn, er det eitt forfattarnamn som går særleg ofte att, og det er *Eva Villarsen Meldgaard*, til nyleg universitetslektor ved Institut for Navneforskning i København. Ho har òg stått for boka som vert omtala her. Fyrste utgåva kom i 1994, men den siste utgåva er omarbeidd og oppdatert på grunnlag av namnestatistikk frå seinare år. *Den store Navnebog* inneheld dei 1000 vanlegaste førenamna i Danmark med forklaringar om opphav, tyding og regional fordeling. Kvart namn er dessutan forsynt med eit symbol for kor vidt det har ein oppgåande eller nedgåande tendens, om det er eit typisk motenamn, eller om det er sjeldan. Såleis kan foreldre halda seg orienterte om dei fylgjer moten, eller om dei vel eit meir originalt namn. Eit spørsmål som melder seg her, er kor vidt slike føringar kan forsterka visse tendensar i namnebruken – det vil ein eventuelt fyrst seinare kunna få greie på om ein fylgjer opp med naudsynte undersøkingar. Dei fyrste førti sidene av *Den store Navnebogen* inneheld ei rekkje kortare artiklar om kva eit førenamn er, førenamn i historisk perspektiv, namnemotar, oppkalling, idolnamn, namneskikk i utlandet, alt framstilt i ei lettlese og instruktiv form. På spørsmålet om det finst fine eller stygge namn, svarar forfatteren nei, og viser til at smak og behag skifter. Samstundes gjev forfatteren gode råd til foreldre om korleis dei skal unngå at namneberaren kjenner seg tyngd av namnet sitt. Etter det alfabetiske namneleksikonet, ordna i to grupper etter gute- og jentenamn, kjem ei liste over godkjende førenamn.

Botolv Helleland

HOVUDOPPGÅVER

STEDSNAVNE I JONDALEN – 50 ÅR ETTER

Audhild M. Tho: *Stedsnavnene i Jondalen – 50 år etter*. Hovedoppgave. Universitetet i Oslo. Våren 1999. 159 sider.

Audhild M. Tho er datter av Hallvard Tho (1915-1994), som i 1949 leverte en hovedoppgave med tittelen *Stedsnavnene i Jondalen*, en tradisjonell navnegranskingsoppgave med ca. 1000 navn fra Jondalen i nåværende Kongsberg kommune, Buskerud. Da Audhild Tho ble hovedfagsstudent, ville hun gå i sin fars fotspor, og det gjør at prosjektet har fått en ramme som er enestående i sitt slag. Formålet med hovedoppgaven hennes er nemlig å undersøke hva som har skjedd med de samme stedsnavnene i løpet av et halvt hundre år.

Fra før har vi to andre hovedoppgaver som fokuserer på navnetap, Per Soot 1991 og Eva F. Mikkelsen 1995. Mens Soot og Mikkelsen baserer sin undersøkelse på ikke-vitenskaplige navnekilder, er sammenlikningsgrunnlaget hos Tho en tidligere hovedoppgave, og det representerer noe nytt.

I oppgaven kommer Audhild Tho inn på mange aspekter ved fenomenet navneendring, bl.a. uttaleendringer, ulike endringer av navneformen, og nylaga navn. Den virkelig markerte endringen er likevel navnetapet. Konklusjonen til Audhild Tho er at en fjerdedel av navnene i Jondalen har forsvunnet på 50 år. I undersøkelsen deles informantene i tre aldersgrupper: over 60 år, 40-60 år, yngre enn 40 år. Resultatet viser at den mest markerte forskjell i navnekjennskap går mellom den yngste aldersgruppen og de andre. Ulikhetene mellom kjønn er derimot ikke store. Eierskifte vs. kontinuitet i familien gir store utslag: “Eierskifte er en sikker navnedreper” (:53). Navnetap henger selvsagt sammen med driftsendringer i landbruket. En annen sak er om navnene bevares bedre på moderniserte gårdsbruk framfor bebodde bruk som ikke er i drift. Tho har sett på gårder med fortsatt husdyrhold og sammenliknet navnekjennskapen der med andre bruk. Undersøkelsen viser at denne faktoren ikke er vesentlig.

Jondalen er ei bygd med stor språklig variasjon. Blant annet gjelder det bruken av jamvekt, uttalen av /a/ i visse omgivelser, utviklingen av kort o, sekundære diftonger, vokalsvekkelse, distribusjon av tjukk l, konsonant-sambandet kv/gv, o.a. Forfatteren drøfter forholdet mellom generelle talemålsendringer og uttalen i stedsnavn. Konklusjonen er at “uttalen [i stedsnavn] stort sett tilpasser seg utviklingen i dialekten” (:81).

Oppgaven gir et instruktivt innblikk i hva som konkret har skjedd med folks navnekjennskap i løpet av et halvt hundreår, i ei norsk bygd som består av både jordbruksområder, skog og høgfjellsterreng. Framstillingen er rik på statistikk og tabeller, men empirien er ikke egnet til å gi signifikante svar på alle spørsmål. Selv om noen sider behandles relativt grundig, har Audhild Tho valgt å gå nokså mye i bredden framfor å gå i dybden. Mengden av problemstillinger er stor. Til framtidige, interesserte studenter kan jeg sterkt anbefale denne hovedoppgaven som lesning: Her er det mange idéer å hente.

Vi må regne med at interessen for sosiolingvistiske studier av denne typen vil være økende i årene som kommer. “Og hvem vet – om nye 50 år står det kanskje en annen entusiast klar med lister og lydbånd, og banker på dørene rundt om i Jondalen?”, er forfatterens avsluttende kommentar (:103). En slik tanke er ikke urimelig, og skulle den bli til virkelighet, har i alle fall Audhild Tho, med denne hovedoppgaven, framskaffet et sammenlikningsgrunnlag av meget god kvalitet.

Vidar Haslum

vidar.haslum@nor.uib.no

PERSONNAMNENDRINGAR I OFOTEN

Hilde Merete Vistnes: *Vi pynter oss med navn. En studie av personnavnendringar i Ofoten i vår tid med vekt på mønstre, motiver – og identitet.* Hovudoppgåve. Norges teknisk-naturvitenskaplige universitet, Trondheim. Våren 2000. 132 sider.

Hilde Merete Vistnes er ein av dei få som har opplevd den æra å få hovudoppgåva si omtalt i ei NTB-melding, t.d. i Nordlys (9.11.00). Men den overskrifta NTB har sett på meldinga (*Stadig flere bytter ut sitt "harry" fornavn*) er ikkje heilt dekkande ettersom det er etternamn og mellomnamn som utgjør den største delen av oppgåva hennes.

Som materiale har Vistnes brukt alle namneendringar som er gjort i to periodar (1986-88 og 1996-98) i Ofoten, dvs. Tysfjord, Ballangen, Narvik, Evenes, Tjeldsund og Lødingen. Det er til saman 723 personar som har gjort 825 namneendringar. Når talet på namneendringar er høgare enn talet på personar, kjem dette av at somme har gjort to, ev. fleire, endringar i namnekomplekset, t.d. både i mellomnamnet og etternamnet. Ei namneendring kan i somme tilfelle berre ligga i at stavemåten blir justert (*Volden* til *Wolden*), i andre tilfelle til utskifting av namnet.

Til liks med andre hovudfagsstudentar som treng namnedata frå folke-registeret, klagar Vistnes over sein saksgang i dei offentlige godkjenning-innstansane. For å få ei raskare saksbehandling har derfor Samarbeidsnemnda for namnegransking skrivi til dei aktuelle instansane, for det er uhørt at ein student skal vente to semester før materialet endelig er levert, slik tilfellet var for Vistnes.

I oppgåva si bryt Vistnes ny mark i og med at ho er den fyrste som undersøker endring av fornamn. Når det gjeld endring av etternamn, har ho Anne Svanevik som ”forgjengar”, og her kan ho dermed samanlikne resultata sine med dei som Svanevik har lagt fram. Oppgåva hennes fell i to hovuddelar – ei kvantitativ tilnærming til namneendring (s. 26–68) og ei kvalitativ (s. 69–124). I den fyrste delen tek ho utgangspunkt i språklige eigenskapar ved namna og undersøker frekvensen for ulike endringstypar. I den andre delen har ho så intervjuet 15 personar om namneendring (dei fleste av desse hadde endra namn).

Det viser seg at svært få (berre 6 av dei over 12 år) har skifta ut fornamnet sitt, mens endring av mellomnamn og etternamn er meir vanlig. Det mest utbreidde endringsmønsteret er at ein skiftar ut eit -sen-namn med eit etternamn av gardsnamntypen. Denne tendensen er enda klarare i Ofoten enn i dei områda Anne Svanevik har undersøkt i Sør-Noreg. Også når det gjeld mellomnamn, finn Vistnes ein tydelig tendens til at gardsnamntypen er mest attraktiv ved endring.

Tradisjonelt har det vori kvinnene som har stått for dei fleste namneendringane (jf. etternamnsifte ved giftarmål), og framleis er det kvinnene som oftast skiftar etternamn (79 % mot 21 % for mennene). Men Vistnes peiker på at namneskiftet for kvinnene ikkje nødvendigvis har samanheng med giftarmål, men ho oppgir ingen tal for namneskifte som er ”ekte-skapsrelatert”, og dei som ikkje er det – verken for kvinner eller menn.

I ein del tilfelle viser det seg at namneendringa berre ligg i mindre justeringar av stavemåten, t.d. *Cathrine* til *Katrine* og *Volden* til *Wolden*. Desse justeringane går i to retningar – både til stavemåte i samsvar med allmenne norske rettskrivingsprinsipp (*Rebecka* > *Rebekka*) og omvendt (*Marit* > *Marith*). Av til saman 33 endringar av denne typen går 17 endringar i norsk lei – 16 i ”unorsk”. Her avvik resultata til Vistnes frå Svanevik som har påvist ein klar tendens til endring av stavemåte i ”unorsk” lei ved namneendring.

Det er prisverdig at Vistnes også gir seg i kast med ei kvalitativ tilnærming til namneendringar. Her konsentrerer ho seg om eit utval på 15 informantar – hovudsaklig frå heimbygda si, Ballangen. 10 av desse inngår i det materialet ho hadde fått frå folkeregisteret, mens dei resterande 5 er

personar som ho på førehand visste hadde eit bevisst forhold til namneendringar. (Det var ikkje noko krav til desse 5 at dei hadde skifta namn.)

I intervjuet får ho fram ulike synspunkt på namneendring. Blant dei som hadde skifta namn i materialet frå Ofoten, var det berre 6 som hadde skifta fornamn (av dei over 12 år), og av desse var det berre éin som ville lata seg intervjuet. Fornamnskifte er tydeligvis meir sensitivt enn skifte av etternamn. Når det gjeld etternamn, gir informantane uttrykk for at det er enklare å skifte ut eit vanlig etternamn ved giftarmål, t.d. *Hansen*, enn eit sjeldsynt etternamn. Dei som har slike sjeldsynte namn, har ei sterkare identitetskjenning til namnet sitt og vil nødvendig skifte det ut ved giftarmål. For nokre informantar fungerer namnet mest som ein estetisk fasade, altså ein slags pynt, men gjennomgåande er ”folk flest sterkt emosjonelt knyttet til sitt eget navn og navnet er av stor betydning” (s. 128). Ut frå dette kan ein innvende at tittelen på oppgåva ikkje er heilt dekkande i og med at det er pyntefunksjonen som kjem fram her: *Vi pynter oss med navn*. Men alt i alt vil eg konkludere med at Vistnes har tilført norsk namnegransking verdifull kunnskap på eit felt det har vori lite forska på.

Gulbrand Alhaug

gulbrand.alhaug@mail.hum.uit.no

**NASJONALE KONFERANSAR I NAMNEGRANSKING
KONFERANSERAPPORTAR**

1. Nasjonal konferanse i namnegransking. Foredrag og diskusjon frå ein konferanse på Blindern 23. oktober 1981. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1982. (Hovudemne: Samiske namnearkiv og utgjeving av bustadnamn.) 68 sider.
2. Den 2. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 19. november 1982. Foredrag og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1983. (Hovudemne: Databehandling av stadnamn og personnamn.) 93 sider.
3. Den 3. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 18. november 1983. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1984. (Hovudemne: Etterreformatoriske kjelder i namnegransking.) 120 sider.
4. Den 4. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 22. november 1985. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1987. (Hovudemne: Lydskrift, særleg ved stadnamnregistrering.) 194 sider.
5. Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 18. november 1988. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. (Hovudemne: Skriftleg og munnleg normering av stadnamn.) 149 sider.
6. Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 23. november 1990. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. (Hovudemne: Vitskaplege prosjekt i namnegransking.) 146 sider.
7. Den 7. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 19. november 1993. Stadnamn og kulturlandskapet. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1995.
8. Den 8. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 22. november 1996. Namnegransking som studie- og undervisningsfag. Seksjon for namnegransking. Institutt for nordistikk og litteraturvitskap. Universitetet i Oslo 1997. 169 sider.
9. Den 9. nasjonale konferansen i namnegransking, Blindern 11. – 12. mai 2000. Namn gjennom 2000 år – namn i år 2000. Seksjon for namnegransking, Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Universitetet i Oslo 2000. 226 sider.

Rapportane frå dei åtte fyrste konferansane kostar kr 60,- og rapporten frå den niande kostar kr 100,-. Kan tingast i Seksjon for namnegransking, postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo. Tel. 22 85 43 75, faks 22 85 43 81, e-post gunhild.birkeland@inl.uio.no

Returadresse:

Seksjon for namnegransking
Postboks 1011 Blindern
0315 Oslo